



**VOLDA KOMMUNE**

## MØTEINNKALLING

**Utvalg:** Driftsstyret  
**Møtestad:** Voldsfjorden, Volda rådhus  
**Dato:** 16.11.2016  
**Tid:** 14:00

Medlemar som er ugilde i ei sak vert bedne om å gje melding, slik at varamedlemar kan bli kalla inn. Jf. § 8, 3. ledd i forvaltningslova.

Vi ber om at forfall vert meldt til servicekontoret/utvalssekretær på telefon 700 58 700.

Varamedlemar får saksdokumenta førebels berre til orientering. Dei får særskilt melding når dei skal møte.

B- saker er underlagt teieplikt og er unnatekne offentleg innsyn.

Møtet er ope for publikum, med unnatak når b-saker vert handsama. Saksdokumenta er lagt ut til gjennomsyn på servicekontoret og på folkebiblioteket til møtet vert halde.

| Saksnr   | Sak                                                                               | Arkivkode |
|----------|-----------------------------------------------------------------------------------|-----------|
| PS 58/16 | Godkjenning av innkalling og sakliste                                             |           |
| PS 59/16 | Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte                                     |           |
|          | Orienteringssak                                                                   |           |
| OS 28/16 | Orienteringssaker                                                                 |           |
|          | Orienteringssak                                                                   |           |
| OS 29/16 | Utvida 2. tertialrapport barnevern 2016                                           | 151       |
| OS 30/16 | Kvalitet på mat servert på omsorgssenteret                                        | G09       |
| OS 31/16 | Orientering til driftsstyret. Protokoll frå Volda ungdomsråd sitt møte 17.10.2016 | 033       |
| OS 32/16 | Møtereferat frå SU Vikebygda den 29.09.16                                         | 033       |
| PS 60/16 | Møteplan for politiske møte 2017. Driftsstyret                                    | 033       |
| PS 61/16 | Ny kommunal representant til samarbeidsutvalet ved Volda ungdomsskule             | 033       |
| PS 62/16 | Kvalitetsplan for opplæring og oppvekst - høyringsutkast                          | 033       |
| PS 63/16 | Retningslinjer for bruken av næringsfond og kraftfond.                            | 242       |
| PS 64/16 | Skjenkeløyve 2016-2020- So Es Bors AS - org. nr. 915017282                        | U63       |

**PS 58/16 Godkjenning av innkalling og sakliste**

**PS 59/16 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte**

**Orienteringssak**

**OS 28/16 Orienteringssaker**

**Orienteringssak**

**OS 29/16 Utvida 2. tertialrapport barnevern 2016**

## Rapport 2.tertial 2016

### MELDINGAR OG UNDERSØKINGAR

Barnevernstenesta mottok 87 nye meldingar frå 1.1. – 31.8.2016. Ingen av desse var av ein slik karakter at dei kunne henleggast.

Pr dato har vi 71 pågåande undersøkingar. I 10 av desse har vi gått utover fristen på 3 månader, noko som gir ei overskriding på 7,1 %. Ved førre SSB-rapportering (ved utgangen av juni), sette vi oss som mål å kome under 10% i løpet av året, så her kan vi vere rimeleg fornøgde med innsatsen. Vi har sett i verk ulike effektiviseringstiltak, men er samstundes bevisste på at desse ikkje skal gå utover kvaliteten i det å kartlegge omsorgssituasjonen for det enkelte barnet.

Det er viktig å vere klar over at ein alltid må rekne med nokre overskridingar på 3 månaders-fristen som lova set. Dette er også noko tilsynsmyndet er kjende med. Det kan vere saker som er kompliserte, der barnevernstenesta er avhengige av prosessar hjå samarbeidspartar, og det kan vere saker som av ulike grunnar treng lengre tid for at vi kan få oversikta.

**Meldarar:** Politiet melder oftast til barnevernstenesta. Dette fordi dei rutinemessig sender melding når dei opprettar ei sak i høve foreldre med mindreårige born. Elles dominerer meldingar frå foreldre, eller frå barn sin utvida familie. Dette er i tråd med landsgjennomsnittet, og er ein trend vi har sett gjennom mange år. Skulane melder ofte. Elles kan ein undre seg over fråveret av meldingar frå PPT, psykiatrisk helseteneste, og det vi vurderer som ei underrapportering frå helsestasjonane.

**Innhald i meldingar:** Vi har pr. dato ikkje register for detaljert innhald i meldingane. Fagsystemet «Familia» gjev førebels ikkje høve til slik rapportering utanom det som kjem fram i dei årlege rapportane til SSB. Kvar melding vert registrert i høve SSB- koder i fagsystemet, og vi vil i framtida føre desse opp i interne «manuelle» skjema. Vi kan dermed gi eit meir detaljert oversyn over dette ved neste tertialrapportering. Likevel ser vi ein klar og aukande trend på meldingar som går på vald mot barn. Vi melder 6-8 slike saker til politiet pr år, og vi deltek på «barneavhør» v/barnehuset i Ålesund kvar månad. I mange familiar vil involvering og samtalar frå barnevernstenesta verke førebyggjande, og for fleire familiar som kjem frå andre land og himmelstrøk, er forbodet mot å utøve vald mot barn nytt og ukjent. Mykje av vår oppgåve er å hjelpe foreldra med råd og rettleiing om dette.

Elles er ein stor del av meldingane prega av foreldrekonflikt, der vi ikkje har mandat til å avgjere tvistar om samvær. Her kan vi oftast ikkje møte foreldra (eller offentlege meldarar) på deira forventningar, då avgjersler i slike saker må skje i rettssystemet (etter Lov om Barn og Foreldre). Slik saker tek likevel mykje av tida vår, og representerer ein høg ressursbruk av personalet i tenesta.

**Strategi:** Meldings- og undersøkingsteamet har fokus på å overhalde fristane i barnevernslova. Lova legg også føringar om at «undersøkingar ikkje skal gjerast meir omfattande enn naudsynt», og her er mange faglege og skjønsmessige vurderingar som må

gjerast undervegs. Vi nyttar ulike tilgjengelege metodar i arbeidet, som til dømes «nettverksmøte» i dei sakene som kan høve til det, og der vi får samtykke frå foreldra. Vi har auka fokuset på effektivitet i undersøkingane utan at dette skal gå på kostnad av fagleg kvalitet. Vi har ei målsetjing om også å nytte «Kvellomalen» som arbeidsmåte meir systematisk enn kva vi har gjort fram til no.

Nokre saker krev samtykke frå foreldra for at ei undersøking kan gjennomførast. Nokre gonger får vi ikkje slikt samtykke, og for samarbeidspartar og andre involverte kan dette vere vanskeleg å forstå. Vurderingar i høve bruk av tvangsheimlane i lova vert gjort unntaksvis, når situasjonen for barna tilseier at dette er naudsynt.

## **HJELPETILTAK**

Hjelpetiltaksteamet har innarbeida gode rutinar på utarbeiding av tiltaksplanar, og pr no har alle barn sin tiltaksplan. Viss eit barn ikkje har ein slik aktiv tiltaksplan er det fordi saka er ny og ein ikkje har fått utarbeidd plan, eller at saka er under evaluering og tiltaksplanen ikkje er fornya.

Teamet har hatt fokus på at alle slike planar skal evaluerast jamleg, og vi ser at kvaliteten på evalueringsarbeidet stadig vert betre etterkvart som vi får meir erfaring. Det er likevel ei utfordring å ha kapasitet til å få evaluert situasjonen til kvart barn så grundig som ein ynskjer. Det kan føre til at hjelpa ein gir kanskje ikkje gir ønska effekt, eller at barnevernstenesta ikkje gjer riktige vurderingar av kva type hjelp barnet og familien treng. Vi arbeidar stadig med å evaluere vårt eige arbeid for å bli meir effektive og for å finne gode metodar for å arbeide kreativt og målretta. Individuell rettleiing og drøftingar i teamet er derfor viktig. Vi nyttar deling av erfaringar og kunnskap som reiskap for å stadig å kunne gi barn gode hjelpetiltak til rett tid.

## **BARN SOM BUR UTAFOR HEIMEN**

Vi har eit eige omsorgsteam som tek seg av oppfølging av barn og unge som bur utafør heimen, i fosterheim eller i institusjon. Dette gjeld også for dei som har fylt 18 år som har takka ja til «ettervern», og som bur/har budd i fosterheim eller i institusjon.

Pr dags dato har vi ansvar for 85 barn. Av dei er 53 under omsorg (§ 4.12), 9 barn er frivillig plassert (§4.4), og 23 har fylt 18 år og har ettervernstiltak . I tillegg følgjer vi opp 2 barn som bur heime, men med omfattande hjelpetiltak frå barnevernstenesta. 8 av dei som er under omsorg av det offentlege, bur i institusjon. Dei fleste som er på ettervern bur i fosterheim, medan nokre har oppfølging i eigen bustad. I god tid før dei fyller 18 år vert det arbeidd med å få på plass oppfølging frå andre hjelpeinstansar . Dette er ofte eit krevjande arbeid, men vi ser dette som viktig: Dette fordi desse ungdommane ofte har behov for oppfølging, hjelp og støtte utover fylte 18 år.

Målet er at alle som bur i fosterheim skal ha sin eigen omsorgsplan, og 2-4 oppfølgingsbesøk frå barnevernstenesta pr år. Pr i dag er det berre eitt barn som ikkje har omsorgsplan. Når det gjeld oppfølgingsbesøk har vi ikkje nådd målet, men det er likevel betre enn tidlegare år. Oppfølgingbesøk og samtaler med barna har høg prioritet, og alle har hatt oppfølging i form av besøk og/eller telefonsamtaler.

Fleire fosterheimar/barn får rettleiing/samtaler frå våre tilsette. Det er eit mål å gi rettleiing til alle fosterheimar som har behov, då det er viktig for å hindre at fosterforeldre gir opp. Fleire av barna/ungdommane bur i fosterheim eller institusjon andre stadar i landet, og det er mykje reising på dei som arbeider i omsorgsteamet.

Når det gjeld tilsynsordninga er vi pr i dag så å seie ajour. Her har vi tilsett ein eigen person for å få ordninga til fungere etter intensjonane i lova. Vi har prioritert dei yngste barna, og dei som nyleg har flytta i fosterheim. I samarbeid med Herøy, Sande og Vanylven kommune har vi gjennomført kurs for tilsynsførarar, eit ansvar som BUF-etat tidlegare hadde.

Rettleiing av dei tilsette vert prioritert, ved sida av medarbeidarsamtaler. Teamet har også eigne fag dagar og samarbeider også med dei andre teama om faglege spørsmål og utfordringar.

**Utfordringar og utviklingstrekk:** Vi erfarer at det stadig blir nye krevjande saker der det bør vere to aktive sakshandsamarar som følgjer opp. Vi opplever også eit stadig større press i høve foreldre som vil filme eller ta opp samtaler med barnevernet, der vi også blir eksponert og lagt ut på ulike sosiale mediar.

Det at barn bur i institusjonar eller fosterheimar langt unna, tek mykje tid og ressursar. Målet om å oppnå 2-4 oppfølgingsbesøk pr år, slik lova krev, kan derfor vere ei utfordring. Enkelte saker krev mykje merksemd og tid i kritiske periodar, noko som igjen går utover andre saker, og det er lett at vi kjem på etterskot. Handsaming av saker som blir påklaga av foreldre til rettssystemet, tek også mykje tid og ressursar.

Det er vidare ei utfordring å få ulike samarbeidsinstansar og andre kommunale tenester til å ta ansvar for ungdommar som har rett på hjelp etter andre lovverk, til dømes helse og sosiallovgivinga.

## **TILTAKA FOR EINSLEGE MINDREÅRIGE FLYKTINGAR I VOLDA OG ØRSTA**

**Planarbeid:** Einslege mindreårige flyktingar har hjelpetiltak etter barnevernslova § 4-4. Vi har siste året hatt stort fokus på utarbeiding av tiltaksplanar, samt jamleg evaluering av desse. Vi har fått innarbeidd gode rutinar på å utarbeide tiltaksplanar, og er godt i gang med å få innarbeidd rutinar for evaluering. Av dei ungdomane som ikkje hadde tiltaksplan ved utgangen av august, er planane no under utarbeiding. Ein vil halde fokus på dette i tida framover, særskilt på evalueringsdelen.

**Tiltaka i Volda:** Busetjing: Ein har ikkje planar om å busette nye ungdomar i andre tertial, då ville vente på kommunestyresak om eventuell vidare busetjing. På kommunestyret i august vart det vedteke å busetje 6-7 EM i barnevernstiltaket, og vi har i etterkant av dette meldt inn ledig kapasitet til IMDI.

Ved utgangen av august hadde vi åtte ungdomar knytt til personalet i bufellesskapet. Ein av desse har eit særskilt eige tiltak, medan 13 ungdomar hadde oppfølging på hybel. Desse vert følgt opp av «oppfølgingstenesta».

**Tiltaka i Ørsta:** Busetjing: Ein har busett ein EM i andre tertial i Ørsta. Ved utgangen av august var ti ungdomar knytt til dei to bufellesskapa. To av desse bur på hybel utanfor

bufellesskapet. Ni ungdomar har hybel med oppfølging som hjelpetiltak, og vert følgt opp av «oppfølgingstenesta».

**Oppdrag for barnevernstenesta elles:** Ein følgjer i dag opp ein ungdom frå «ordinært» barnevern.

Leiar for fagteam melding og undersøking: Kyrre Grimstad

Leiar for fagteam hjelpetiltak i heimen: Aina Opsvik Øyehaug

Leiar for fagteam barn under omsorg: Ann Reidun Vik

Leiar for fagteam einslege mindreårige flyktningar Volda og Ørsta: Torill Osborg Vinjevoll

Volda 7.oktober 2016

*Brynhild Solvang*

barnevernssjef



**VOLDA KOMMUNE**  
**Servicekontoret**

Driftsstyret

|                     |                |                  |                          |             |
|---------------------|----------------|------------------|--------------------------|-------------|
| <i>Arkivsak nr.</i> | <i>Løpenr.</i> | <i>Arkivkode</i> | <i>Avd/Sakshandsamar</i> | <i>Dato</i> |
| 2016/687            | 12857/2016     | G09              | SVK/ SONHAV              | 03.11.2016  |

**MELDING OM POLITISK VEDTAK - KVALITET PÅ MAT SERVERT PÅ  
OMSORGSSENTERET**

Vi melder med dette frå at formannskapet den 02.11.2016, hadde føre ovannemnde som sak OS 171/16, der det vart gjort slikt handsaming:

*Anders Straume reiste spørsmål om kvaliteten på maten som vert servert på Volda omsorgssenter. Formannskapet drøfta saka og var samde om at spørsmålet vert sendt vidare til driftsstyret for vurdering.*

Volda kommune, servicekontoret

Sonja Håvik  
konsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

Kopi til:  
Bente Kristin Krøvel – sekretær driftsstyret



# MØTEPROTOKOLL

**Utval:** Ungdomsrådet  
**Møtestad:** Møterom A, Rådhuset  
**Dato:** 17.10.2016  
**Tid:** 14:15 til 16:10

Faste medlemmer som møtte:

| Namn                  | Funksjon | Representerer   |
|-----------------------|----------|-----------------|
| Olve Eide Brattli     | Medlem   | Volda ungd.     |
| Ilja Elisabeth Bech   | Medlem   | Volda ungd.     |
| Hanna Nautvik Nasset  | Medlem   | Folkestad ungd. |
| Mathias Jansen Rindal | Medlem   | Volda vgs.      |
| Eirik Eiksund         | Leiar    | Volda vgs.      |
| Ingvild Sunde Stokke  | Medlem   | Lag og org.     |
| Sigurd Tverberg       | Medlem   | Lag og org.     |

Faste medlemmer som ikkje møtte:

| Namn                | Funksjon        | Representerer  |
|---------------------|-----------------|----------------|
| Veronica Wilhelmsen | MEDL            | Volda ungd.    |
| Peter Bjørneset     | Nestleiar       | Ungdomsklubben |
| Åshild Vik          | Politisk fadder |                |

Varamedlemmer som møtte:

| Namn                 | Møtte for   | Representerer |
|----------------------|-------------|---------------|
| Elias Eide Brattli   | Felles vara |               |
| Felicia Lerkerød Flo | Felles vara |               |

Frå administrasjonen møtte:

| Namn             | Stilling    |
|------------------|-------------|
| May-Lisbet Lande | Koordinator |

# SAKLISTE

| Saksnr.  | Sak                                                               | Arkivkode |
|----------|-------------------------------------------------------------------|-----------|
|          | <b>SAKER TIL HANDSAMING</b>                                       |           |
| PS 27/16 | <b>Godkjenning av innkalling og sakliste</b>                      |           |
| PS 28/16 | <b>Godkjenning av møteprotokoll frå siste møte</b>                |           |
| PS 29/16 | <b>Val av leiar og nestleiar for Volda ungdomsrådet 2016-2017</b> | 033       |
| PS 30/16 | <b>Ungdomsmidlane 2016</b>                                        | C10       |
| PS 31/16 | <b>Lokale til ungdomsklubben</b>                                  | 614       |
| PS 32/16 | <b>Invitasjon om dialogmøte i Ungdata</b>                         |           |



**Ymse:**

- Sigurd Tverberg, Ingvild Sunde Stokke og Elias Eide Brattli vert ansvarlege redaktørar for facebook sida til ungdomsrådet.



**SAKER TIL HANDSAMING**

**PS 27/16 Godkjenning av innkalling og sakliste**

**Røysting:**

Samrøystes godkjend

**Vedtak i Ungdomsrådet - 17.10.2016**

*Samrøystes godkjend*

**PS 28/16 Godkjenning av møteprotokoll frå siste møte**

**Røysting:**

Samrøystes godkjend

**Vedtak i Ungdomsrådet - 17.10.2016**

*Samrøystes godkjend*

**PS 29/16 Val av leiar og nestleiar for Volda ungdomsrådet 2016-2017**

**Handsaming:**

Det melde seg to kandidatar til leiarvervet. Begge kandidatane haldt ein kort presentasjon om seg sjølv og kvifor dei ynskte vervet som leiar i Volda ungdomsråd. Ved avstemming fekk Eirik Sjøhelle Eiksund mest stemmer og vart valt som leiar.

Det melde seg tre kandidatar til vervet som nestleiar. Ein av kandidatane var ikkje tilstades på møtet men hadde gitt melding til rådet om at han ynskte å stille til vervet som nestleiar, ungdomsrådet godtok dette. Ved avstemming fekk Peter Hasfjord Bjørneset mest stemmer og vart valgt som nestleiar.

**Røysting:**

Vedteke med fleirtal

**Vedtak i Ungdomsrådet - 17.10.2016**

*Eirik Sjøhelle Eiksund er valt som leiar.*

*Peter Hasfjord Bjørneset er valt som nestleiar.*

**Administrasjonen si tilråding:**

\_\_\_\_\_ er valt som leiar.



er valt so nestleiar.

## PS 30/16 Lokale til ungdomsklubben

### Handsaming:

Saka skapte som tidlegare stort engasjement i ungdomsrådet. Fleire av ungdomane hadde positive erfaringar frå ungdomsklubben då den var på Telebygget. Det vert peika på at lokala der var svært godt eigna til føremålet med ungdomskafé og scene for konsertar. Tilbodet med øvingslokarer for bandøving er saka i ungdomsmiljøet. Ungdomsrådet melder at dette er ei gjengs oppfatning i ungdomsmiljøet i Volda. Ser ein til nabobygda Ørsta der Kaihuset framleis er i drift, er dette eit populært tilbod for ungdom både frå sentrum og frå bygdene. Ungdom som tidlegare var aktive brukarar av ungdomsklubben i Volda ser liten interesse i dagens tilbod på Samfunnshuset då lokalet er trange, har dåleg luft og innbyr lite til føremålet. Ungdomsrådet i Volda er tydelege på at det er behov for ein ungdomsklubb i Volda i eigna lokale og forventar at Volda kommune opprettheld og vidareutviklar tilbodet.

### Røysting:

Samrøystes vedteke

### Vedtak i Ungdomsrådet - 17.10.2016

*Ungdomsrådet forventar at Volda kommune opprettheld tilbodet med ungdomsklubb. Lokala som var på Telebygget var svært godt eigna og ein ynskjer seg eit slikt tilbod tilbake. Ungdomsrådet ynskjer å delta aktivt i prosessen vidare med nye lokaler og utvikling av ungdomsklubben.*

### Administrasjonen si tilråding:

1. Det blir bevilga 150.000 kr til leige av nye lokale for ungdomsklubb i Volda.
2. Ungdomsklubbtilbodet blir evaluert i løpet av 2018.

## PS 31/16 Ungdomsmidlane 2016

### Handsaming:

Nytt marknadsføring materiell er under utarbeiding og vert klart i veke 24. Ungdomsmidlane skal lysast ut ved skulestart, søknadsfrist vert sett til 19.10.16



## VOLDA KOMMUNE

Ved gjennomgang av søknadsskjema vart ein samde om å stryke tlf. arbeid og tlf. privat i pkt. 1.2.

Retningslinjer for ungdomsmildar i Volda pkt. 2 vart endra til:

Tilskot frå ungdomsmidlane vert gitt til nye prosjekt som stimulerer til ungdomsengasjement i Volda kommune. Det vert ikkje gitt støtte til løn og faste driftsutgifter.

### **Røysting:**

Samrøystes vedteke

### **Vedtak i Ungdomsrådet - 08.06.2016**

*Nytt marknadsføring materiell er under utarbeiding og vert klart i veke 24.*

*Ungdomsmidlane skal lysast ut ved skulestart, søknadsfrist vert sett til 19.10.16.*

*Ved gjennomgang av søknadsskjema vart ein samde om å stryke tlf. arbeid og tlf. privat i pkt. 1.2.*

*Retningslinjer for ungdomsmildar i Volda pkt. 2 vart endra til:*

*Tilskot frå ungdomsmidlane vert gitt til nye prosjekt som stimulerer til ungdomsengasjement i Volda kommune. Det vert ikkje gitt støtte til løn og faste driftsutgifter.*

### **Handsaming:**

Det har komt inn tre søknadar til årets tildeling av ungdomsmidlane på kr. 20.000,-.

\*Friluftssforeninga Volda søker om støtte til treningspark ved Volda stadion.

\*«Voldastjerna» søker om stønad til etablering av adventsstjerne ved Kalsethola.

\*Ørsta og Volda ballettskule søker om støtte til to større framsyningar våren 2016.

Søknaden frå Friluftssforeninga var den som mest er retta etter tildelingskriteria til ungdomsmidlane og det kom raskt framlegg om å tildele kr. 10.000,- til dette føremålet. Ungdomsrådet meiner tiltaket er svært positivt.

«Voldastjerna» vil verte eit positivt tiltak i adventstida for Volda. Fleire av medlemmane i ungdomsrådet saknar stjerna som tidlegare var på staden. Eit flott tiltak som vert støtta med kr. 5.000,-.

Ørsta og Volda ballettskule gir eit kjempeflott tilbod til born og unge. Ungdomsrådet meiner at søknaden ikkje heilt går inn under tildelingskriteria for ungdomsmidlane, då dette ikkje er eit nytt prosjekt. Men sidan arbeidet er so positivt for målgruppa vel ein likevel å støtte tilbodet med kr. 5.000,- som ein eingongssum.

### **Røysting:**

Samrøystes vedteke

### **Vedtak i Ungdomsrådet - 17.10.2016**

*Friluftssforeninga Volda får tildelt kr. 10.000,-.*

*«Voldastjerna» får tildelt kr. 5.000,-.*

*Ørsta og Volda ballettskule får tildelt kr. 5.000,-.*



**Administrasjonen si tilråding:**  
**Saka vert lagt fram utan tilråding**

**PS 32/16 Invitasjon om dialogmøte i Ungdata**

**Handsaming:**

Ingvild Sunde Stokke melde seg som fast representant og Ilja Elisabeth Bech melde seg som vara, til arbeidsgruppe og deltaking på dialogkonferanse i Ungdata.

**Røysting:**

Samrøystes valde

**Vedtak i Ungdomsrådet - 17.10.2016**

*Ingvild Sunde Stokke melde seg som fast representant og Ilja Elisabeth Bech melde seg som vara, til arbeidsgruppe og deltaking på dialogkonferanse i Ungdata.*

**Administrasjonen si tilråding:**

**Ungdomsrådet vel ein representant med vara til arbeidsgruppe og deltaking på dialogkonferansen.**

Møte slutt kl. 16:10  
Volda kommune, Kultur- og service  
18.10.16

May-Lisbet Lande  
Koordinator



# VOLDA KOMMUNE

## Vikebygda skule

|                 |                 |
|-----------------|-----------------|
| VOLDA KOMMUNE   |                 |
| Saker: 2015/914 | Ans: Bentkro    |
| 13 OKT 2016     |                 |
| Arkiv: Emne 2   | Klassering: 033 |
| Klassering: S   |                 |

### Møtereferat frå SU Vikebygda den 29.09.16

**Desse har teke del:** Uthman Abu Harbid, Eli-Mette Lüthcke, Geir Sæther, Anne-Kristin Rostad, Ingrid Aa.Kalland og Kristin Nupen. Solbjørg Gjengedal hadde meldt forfall.

#### Saker:

##### Sak 1 **Konstituering av samarbeidsutvalet (SU) og skulemiljøutvalet (SMU)**

Kort informasjon om SU og SMU sine oppgaver ved rektor

##### **Val av fylgjande funksjonar:**

Leiar: Eli-Mette Lüthcke

Skrivar: Kristin Nupen

I SMU har foreldrerepresentantane dobbelt stemme. Representanten for dei andre tilsette og den eine representanten frå lærarane trer tilbake, slik at foreldrerepresentantane er i fleirtal med omsyn til talet på stemmer.

##### Sak 2 **Kort om skuleåret 2016/2017**

Rektor informerer kort om inneverande skuleår med omsyn til

- økonomi, det vart levert ut ei oversikt over midlar rektor disponerer
- elevar: 63 totalt (16 i 1.kl, 17 i 2.kl, 16 i 3.kl og 14 i 4.kl)
- tilsette: 6 lærarar i tillegg til rektor og 3 assistentar
- SFO har 7 tilsette (leiar og 6 assistentar). Det er 52 barn på SFO

##### Sak 3 **Informasjon om prosessnotat i økonomi**

Rektor informerte kort om eit prosessnotat i økonomi som er utarbeida i Volda kommune. Forslaga er å sjå på som strategiar/retningar politikarane må ta stilling til dei komande åra. For skulen sin del ligg det føre eit forslag om å legge ned skulen og flytte drifta til Bratteberg skule. Ein tenkjer då at Bratteberg skule må byggast ut før dette kan skje. Rektor legg ved ein kopi av prosessnotatet når møtereferatet vert sendt ut.

##### Sak 4 **Anna**

**Mobbundersøking skuleåret 2016/2017:** Rektor la fram eit utkast som dei tilsette har jobba med og dei kommentarane som FAU hadde til dette. Undersøkinga vert gjennomført i først halvdel av 2017 og alle elevane skal ta del.

**Oppsummering foreldrekveld med nettvett:** Skulen hadde tysdag 27. september ein kveld for alle føresette, samt elevar i 3. og 4. klasse, om nettvett. Det var politiet som stod for innhaldet og dei føresette har sagt seg nøgd med opplegget. Det dei føresette ynskte i tillegg, var høve til å kunne samlast klassevis i etterkant, for å kunne gjere avtalar direkte i den einskilde klassa.

**Utrygg skuleveg:** Rektor informerte kort om kva SU 2015/2016 hadde gjort i høve FV 45, som er skuleveg for nokre av våre elevar. SU har sendt eitt brev og ei purring våren 2016 og rektor vil no sendt nok ein purring til kommunen, då ein ikkje har fått svar.

*Kristin Nupen*  
Kristin Nupen  
-skriver SU-



## VOLDA KOMMUNE

### Vikebygda skule

Innkalling til møte i SU

**Tid: Torsdag 29.09.16 kl. 19.00 – 20.00**

**Stad:** Personalrommet, gamlebygget

Desse er med i SU:

Frå kommunen: Uthman Abu Harbid

Eli-Mette Lüthcke

Frå skulen: Kristin Nupen

Solbjørg Gjengedal

Andre tilsette: Ingrid Aa. Kalland

Frå FAU: Geir Sæther

Anne-Kristin Rostad

#### Saker:

**Sak 1 Konstituering av samarbeidsutvalet (SU) og skulemiljøutvalet (SMU)**

Kort informasjon om SU og SMU sine oppgaver ved rektor

**Val av fylgjande funksjonar:**

Leiar:

Skrivar:

I SMU har foreldrerepresentantane dobbelt stemme. Representanten for dei andre tilsette og den eine representanten frå lærarane trer tilbake, slik at foreldrerepresentantane er i fleirtal med omsyn til talet på stemmer.

**Sak 2 Kort om skuleåret 2016/2017**

Rektor informerer kort om inneverande skuleår med omsyn til økonomi, elevar, tilsette og SFO

**Sak 3 Informasjon om prosessnotat om økonomi**

Det er utarbeida ei prosessnota i Volda kommune, der forslaga er å sjå på som langsiktige strategiar/retningar politikarane må ta stilling til dei komande åra. Rektor vil informer litt om det som evn. vil gjelde Vikebygda skule.

**Sak 4 Anna**

Dersom ein representant ikkje kan møte, må han/ho sjølv syte for å kalle inn sin vararepresentant.

Vel møtt!

Vikebygda skule 21.09.16

*Eli-Mette Lüthcke*

Eli-Mette Lüthcke  
-rektor-



## SAKSDOKUMENT

---

|                |                      |               |           |
|----------------|----------------------|---------------|-----------|
| Sakshandsamar: | Bente Kristin Krøvel | Arkivsak nr.: | 2016/1716 |
|                |                      | Arkivkode:    | 033       |

---

| Utvalsaksnr | Utval        | Møtedato   |
|-------------|--------------|------------|
| 60/16       | Driftsstyret | 16.11.2016 |

### MØTEPLAN FOR POLITISKE MØTE 2017. DRIFTSSTYRET

#### Administrasjonen si tilråding:

##### *Driftsstyret møteplan 2017*

|                  |            |
|------------------|------------|
| <i>Januar</i>    | <i>18.</i> |
| <i>Februar</i>   | <i>8.</i>  |
| <i>Mars</i>      | <i>15.</i> |
| <i>April</i>     | <i>19.</i> |
| <i>Mai</i>       | <i>10.</i> |
| <i>Juni</i>      | <i>7.</i>  |
| <i>Juli</i>      |            |
| <i>August</i>    | <i>16.</i> |
| <i>September</i> | <i>20.</i> |
| <i>Oktober</i>   | <i>18.</i> |
| <i>November</i>  | <i>15.</i> |
| <i>Desember</i>  | <i>6.</i>  |

#### Vedleggsliste:

Framlegg til møteplan for 2017 for politiske styre og utval i Volda

#### Saksopplysningar/fakta:

Ved handsaminga av møteplan for 2016 gjorde kommunestyret bla. fylgjande vedtak:

Oversending til formannskapet:

*Formannskapet og kommunestyret startar møta sine klokka 12.00. Budsjettmøte i kommunestyret 15. desember startar klokka 10.00*

*Frå 2017 skal det så langt som råd ikkje leggst politiske møter i skuleferiane.*

*Utvala får møteplanen til handsaming i forkant av endeleg vedtak i kommunestyret.*

Møta må sjåast i samanheng av omsyn til bl.a. møterom og kapasiteten i administrasjonen. Legg ein to møte på same dag, kan det bli utfordrande å skaffe vara, då nokre av politikarane er medlemer og varamedlemer i fleire utval. Det er likevel vanskeleg å unngå heilt.

Førebels har vi sett opp driftsstyret med eitt møte i månaden. Kommunestyret vedtok den 25.08.16 at driftsstyret skulle delast i to tenesteutval frå 01.01.17. Tenesteutval for helse og omsorg (THO) og tenesteutval for barn og kultur (TOK).

Når vi har sett opp forslag til møteplan, har vi prøvd å ta hensyn til:

Forvaltningsutvalet må ha møtet i januar i god tid før den 15. p.g.a. frist for kommunal handsaming av spelemiddelsøknader.

Vinterferie i veke 8 (20.-26. februar) og haustferie i veke 41 (9. – 16. oktober)

Arbeidslivskonferanse 4. - 6. april 2017

Stortingsval den 11. september 2017. Då er det ikkje kapasitet til politiske møte i veka før og etter valdagen.

Siste skuledag vårhalvåret er 22.06.17, første skuledag til hausten er 21.08.17 og siste skuledag før jul er 21.12.17.

Møtetidspunkt:

Driftsstyret har hatt møtestart kl. 14.00 med nokre unntak.

Formannskapet startar møta sine kl. 12.00 og kommunestyret kl. 14.00.

Inger-Johanne Johnsen  
sektorsjef kultur og service

**Utskrift av endeleg vedtak:**  
Servicekontoret for vidare arbeid

# MØTEPLAN FOR 2017

| Januar 2017    |   | Februar 2017    |   | Mars 2017      |    | April 2017           |    | Mai 2017                   |    | Juni 2017           |    |
|----------------|---|-----------------|---|----------------|----|----------------------|----|----------------------------|----|---------------------|----|
| S 1 Nyttårsdag |   | O 1             |   | O 1            |    | L 1                  |    | M 1 Første mai             | 18 | T 1                 |    |
| M 2            | 1 | T 2             |   | T 2 KST        |    | S 2                  |    | T 2 FSK                    |    | F 2                 |    |
| T 3            |   | F 3             |   | F 3            |    | M 3                  | 14 | O 3                        |    | L 3                 |    |
| O 4            |   | L 4             |   | L 4            |    | T 4                  |    | T 4                        |    | S 4 Første pinsedag |    |
| T 5            |   | S 5             |   | S 5            |    | O 5                  |    | F 5                        |    | M 5 Andre pinsedag  | 23 |
| F 6            |   | M 6             | 6 | M 6            | 10 | T 6                  |    | L 6                        |    | T 6 FORV            |    |
| L 7            |   | T 7 FORV        |   | T 7 FSK        |    | F 7                  |    | S 7                        |    | O 7 DRIFT           |    |
| S 8            |   | O 8 DRIFT       |   | O 8            |    | L 8                  |    | M 8 ELDRE/FUNK             | 19 | T 8                 |    |
| M 9            | 2 | T 9             |   | T 9            |    | S 9 Palmesøndag      |    | T 9 FORV                   |    | F 9                 |    |
| T 10 FSK FORV  |   | F 10            |   | F 10           |    | M 10                 | 15 | O 10 DRIFT/UNG             |    | L 10                |    |
| O 11           |   | L 11            |   | L 11           |    | T 11                 |    | T 11                       |    | S 11                |    |
| T 12           |   | S 12            |   | S 12           |    | O 12                 |    | F 12                       |    | M 12                | 24 |
| F 13           |   | M 13 ELDRE/FUNK | 7 | M 13           | 11 | T 13 Skjærtorsdag    |    | L 13                       |    | T 13 FSK            |    |
| L 14           |   | T 14 FSK        |   | T 14 FORV      |    | F 14 Langfredag      |    | S 14                       |    | O 14 UNG            |    |
| S 15           |   | O 15 UNG        |   | O 15 DRIFT/UNG |    | L 15                 |    | M 15                       | 20 | T 15                |    |
| M 16           | 3 | T 16            |   | T 16           |    | S 16 Første påskedag |    | T 16 FSK                   |    | F 16                |    |
| T 17           |   | F 17            |   | F 17           |    | M 17 Andre påskedag  | 16 | O 17 Grunnlovsdagen        |    | L 17                |    |
| O 18 DRIFT/UNG |   | L 18            |   | L 18           |    | T 18 FSK FORV        |    | T 18                       |    | S 18                |    |
| T 19           |   | S 19            |   | S 19           |    | O 19 UNG DRIFT       |    | F 19                       |    | M 19                | 25 |
| F 20           |   | M 20            | 8 | M 20           | 12 | T 20                 |    | L 20                       |    | T 20                |    |
| L 21           |   | T 21 FSK        |   | T 21 FSK       |    | F 21                 |    | S 21                       |    | O 21                |    |
| S 22           |   | O 22            |   | O 22           |    | L 22                 |    | M 22                       | 21 | T 22 KST            |    |
| M 23           | 4 | T 23            |   | T 23           |    | S 23                 |    | T 23                       |    | F 23                |    |
| T 24           |   | F 24            |   | F 24           |    | M 24                 | 17 | O 24 KST                   |    | L 24                |    |
| O 25           |   | L 25            |   | L 25           |    | T 25                 |    | T 25 Kristi himmelfartsdag |    | S 25                |    |
| T 26 KST       |   | S 26            |   | S 26           |    | O 26                 |    | F 26                       |    | M 26                | 26 |
| F 27           |   | M 27            | 9 | M 27           | 13 | T 27 KST             |    | L 27                       |    | T 27 FSK            |    |
| L 28           |   | T 28            |   | T 28           |    | F 28                 |    | S 28                       |    | O 28                |    |
| S 29           |   |                 |   | O 29           |    | L 29                 |    | M 29                       | 22 | T 29                |    |
| M 30           | 5 |                 |   | T 30 KST       |    | S 30                 |    | T 30 FSK                   |    | F 30                |    |
| T 31 FSK       |   |                 |   | F 31           |    |                      |    | O 31                       |    |                     |    |

Ukenr.no

# MØTEPLAN FOR 2017

| Juli 2017 | August 2017 | September 2017     | Oktober 2017   | November 2017        | Desember 2017          |
|-----------|-------------|--------------------|----------------|----------------------|------------------------|
| L 1       | T 1         | F 1                | S 1            | O 1                  | F 1                    |
| S 2       | O 2         | L 2                | M 2 FSK 40     | T 2                  | L 2                    |
| M 3 27    | T 3         | S 3                | T 3            | F 3                  | S 3                    |
| T 4       | F 4         | M 4 36             | O 4            | L 4                  | M 4 49                 |
| O 5       | L 5         | T 5                | T 5            | S 5                  | T 5 FORV               |
| T 6       | S 6         | O 6                | F 6            | M 6 45               | O 6 DRIFT/UNG          |
| F 7       | M 7 32      | T 7                | L 7            | T 7                  | T 7                    |
| L 8       | T 8         | F 8                | S 8            | O 8                  | F 8                    |
| S 9       | O 9         | L 9                | M 9 41         | T 9 KST pres. budsj. | L 9                    |
| M 10 28   | T 10        | S 10               | T 10           | F 10                 | S 10                   |
| T 11      | F 11        | M 11 Valdag 37     | O 11           | L 11                 | M 11 50                |
| O 12      | L 12        | T 12 Valstyre      | T 12           | S 12                 | T 12 FSK               |
| T 13      | S 13        | O 13               | F 13           | M 13 46              | O 13                   |
| F 14      | M 14 33     | T 14               | L 14           | T 14 FSK             | T 14 KST               |
| L 15      | T 15 FSK    | F 15               | S 15           | O 15 DRIFT/UNG       | F 15                   |
| S 16      | O 16 DRIFT  | L 16               | M 16 42        | T 16                 | L 16                   |
| M 17 29   | T 17        | S 17               | T 17 FSK       | F 17                 | S 17                   |
| T 18      | F 18        | M 18 38            | O 18 DRIFT/UNG | L 18                 | M 18 51                |
| O 19      | L 19        | T 19 FSK FORV      | T 19           | S 19                 | T 19                   |
| T 20      | S 20        | O 20 DRIFT         | F 20           | M 20 ELDRE/FUNK 47   | O 20                   |
| F 21      | M 21 34     | T 21               | L 21           | T 21 FSK FORV        | T 21                   |
| L 22      | T 22 FORV   | F 22               | S 22           | O 22                 | F 22                   |
| S 23      | O 23        | L 23               | M 23 43        | T 23                 | L 23                   |
| M 24 30   | T 24        | S 24               | T 24 FORV      | F 24                 | S 24                   |
| T 25      | F 25        | M 25 ELDRE/FUNK 39 | O 25           | L 25                 | M 25 Første juledag 52 |
| O 26      | L 26        | T 26               | T 26 KST       | S 26                 | T 26 Andre juledag     |
| T 27      | S 27        | O 27 UNG           | F 27           | M 27 48              | O 27                   |
| F 28      | M 28 35     | T 28 KST           | L 28           | T 28 FSK             | T 28                   |
| L 29      | T 29        | F 29               | S 29           | O 29                 | F 29                   |
| S 30      | O 30        | L 30               | M 30 FSK 44    | T 30 KST             | L 30                   |
| M 31 31   | T 31 KST    |                    | T 31           | Ukenr.no             | S 31                   |



## SAKSDOKUMENT

---

Sakshandsamar: Vibeke Berge

Arkivsak nr.: 2015/2272

Arkivkode: 033

---

**Utvalsaksnr**

**Utval**

**Møtedato**

61/16

Driftsstyret

16.11.2016

### **NY KOMMUNAL REPRESENTANT TIL SAMARBEIDSUTVALET VED VOLDA UNGDOMSSKULE**

**Administrasjonen si tilråding:**

*Driftsstyret vel . . . . . som ny representant til samarbeidsutvalet ved Volda ungdomsskule.*

**Vedleggsliste:**

Vedtak frå kommunestyret 27.10.2016

**Samandrag av saka:**

Val av ny representant frå driftsstyret til samarbeidsutvalet ved Volda ungdomsskule.

**Saksopplysningar/fakta:**

Mathilde M. Sjøhelle Eiksund fekk i kommunestyret sitt møte 27.10.2016 fritak frå sine politiske verv. Fritaket gjeld ut valperioden.

Driftsstyret valde 18.11.2015 representantar til samarbeidsutvala ved skulane og barnehagane. Mathilde M. Sjøhelle Eiksund var då vald som representant til samarbeidsutvalet ved Volda ungdomsskule. Driftsstyret må velje ny representant.

Oppvekstsjef

Per Ivar Kongsvik

**Utskrift av endeleg vedtak:**

Den som vert vald

Volda ungdomsskule



**VOLDA KOMMUNE**  
**Servicekontoret**

«MOTTAKERNAVN»  
«KONTAKT»  
«ADRESSE»  
«POST» «POSTSTED»  
»

|                     |                |                  |                          |             |
|---------------------|----------------|------------------|--------------------------|-------------|
| <i>Arkivsak nr.</i> | <i>Løpenr.</i> | <i>Arkivkode</i> | <i>Avd/Sakshandsamar</i> | <i>Dato</i> |
| 2016/1281           | 12730/2016     | 033              | SVK/ SONHAV              | 01.11.2016  |

**MELDING OM POLITISK VEDTAK - MATHILDE M. SJØHELLE EIKSUND -  
FRITAK FRÅ POLITISKE VERV**

Vi melder med dette frå at kommunestyret den 27.10.2016, hadde føre ovannemnde som sak PS 133/16, der det vart gjort slikt vedtak:

- 1. Mathilde M. Sjøhelle Eiksund får fritak frå sine politiske verv ut valperioden.*
- 2. Som nytt medlem i driftsstyret blir Inghild Liv Remøy valt. Som ny åttande vara vert Anne Natvig valt.*
- 3. Som ny vara for fadder i ungdomsrådet blir Anne Natvig valt.*
- 4. Som ny vara for kommunal representant i Fairtrade vert Åshild Vik valt.*

Sakutgreiinga følgjer vedlagt.

Volda kommune, servicekontoret

Sonja Håvik  
konsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

# SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Inger-Johanne Johnsen

Arkivsak nr.: 2016/1281

Arkivkode: 033

| Utvalsaksnr | Utval         | Møtedato   |
|-------------|---------------|------------|
| 15/16       | Valnemnda     | 26.10.2016 |
| 133/16      | Kommunestyret | 27.10.2016 |

## MATHILDE M. SJØHELLE EIKSUND - FRITAK FRÅ POLITISKE VERV

### Handsaming:

Protokoll frå møtet i valnemnda den 26.10.2016, vart lagt fram i møtet.

### Røysting:

Tilrådinga frå valnemnda vart samrøystes vedteken.

### Vedtak i kommunestyret - 27.10.2016:

1. *Mathilde M. Sjøhelle Eiksund får fritak frå sine politiske verv ut valperioden.*
2. *Som nytt medlem i driftsstyret blir Inghild Liv Remøy valt. Som ny åttande vara vert Anne Natvig valt.*
3. *Som ny vara for fadder i ungdomsrådet blir Anne Natvig valt.*
4. *Som ny vara for kommunal representant i Fairtrade vert Åshild Vik valt.*

### Handsaming:

Leiar Hild Våge kom med framlegg om å oppretthalde namna i tilrådinga frå førre handsaming i valnemnda.

### Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen med framlegget frå Hild Våge vart samrøystes vedteken.

### Tilråding i Valnemnda - 26.10.2016 til kommunestyret:

1. *Mathilde M. Sjøhelle Eiksund får fritak frå sine politiske verv ut valperioden.*
2. *Som nytt medlem i driftsstyret blir Inghild Liv Remøy valt. Som ny åttande vara vert Anne Natvig valt.*
3. *Som ny vara for fadder i ungdomsrådet blir Anne Natvig valt.*
4. *Som ny vara for kommunal representant i Fairtrade vert Åshild Vik valt.*

### Administrasjonen si tilråding:

1. Mathilde M. Sjøhelle Eiksund får fritak frå sine politiske verv ut valperioden.
2. Som nytt medlem i driftsstyret blir ..... valt.
3. Som ny vara for fadder i ungdomsrådet blir.... valt.
4. Som ny vara for kommunal representant i Fairtrade vert ..... valt.

**Vedleggsliste:**

Ny søknad frå Mathilde M. Sjøhelle Eiksund av 05.10.16  
K-sak PS 117/16 handsama i kommunestyret den 29.09.16  
Oversikt over medlemmer og varamedlemmer i driftsstyret

**Uprenta saksvedlegg:**

Søknad om permisjon datert 26.07.16

**Saksopplysningar/fakta:**

Mathilde M. Sjøhelle Eiksund søkte først om permisjon frå politiske verv fordi ho studerer i Trondheim. Søknaden vart handsama i valnemnda den 15.09.16 der det vart vedtatt fylgjande tilråding til kommunestyret:

1. *Mathilde M. Sjøhelle Eiksund får permisjon frå sine politiske verv medan ho studerer i Trondheim.*
2. *Som nytt medlem i driftsstyret blir Inghild Liv Remøy valt. Som ny åttande vara vert Anne Natvig valt.*
3. *Som ny vara for fadder i ungdomsrådet blir Anne Natvig valt.*
4. *Som ny vara for kommunal representant i Fairtrade vert Åshild Vik valt.*

I kommunestyret den 29.09.16 vart det gjort vedtak om å utsetje saka, jf utskrift av saka som ligg ved.

Den 05.10.16 søkjer Mathilde M. Sjøhelle Eiksund om fritak frå politiske verv, ikkje permisjon som i fyrste søknad.  
Ho skriv:

*Eg vil søke fritak frå vervet mitt som representant for Venstre i Driftstyret i Volda kommune. Beklager at forrige søknad var noko uklar, eg ønsker å søke om fritak, ikkje permisjon. Eg har flytta frå Volda for å studere ved NTNU i Trondheim. Studiet går over tre år, og det blir derfor vanskelig å leggje inn den innsatsen som trengst i Driftstyret. Eg håper dette er i orden og at nokon kan ta over plassen min.*

**Vurdering og konklusjon:**

Mathilde M. Sjøhelle Eiksund får innvilga fritak frå sine kommunale verv ut valperioden.

Rune Sjurgard  
Rådmann

Inger-Johanne Johnsen  
sektorsjef kultur og service

**Utskrift av endeleg vedtak:**

Mathilde M. Sjøhelle Eiksund  
Dei som vert valde



## SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Vibeke Berge

Arkivsak nr.: 2015/2384

Arkivkode: 033

**Utvalsaksnr**

**Utval**

**Møtedato**

62/16

Driftsstyret

16.11.2016

### **KVALITETSPLAN FOR OPPLÆRING OG OPPVEKST - HØYRINGSUTKAST**

**Administrasjonen si tilråding:**

- 1. Administrasjonen ferdigstiller høyringsutkastet til kvalitetsplan i etterkant av driftsstyremøtet.**
- 2. Kvalitetsplanen vert sendt på høyringsrunde seinast 28.11.16 med høyringsfrist 19.12.16. til følgjande høyringsinstansar:**
  - Helsestasjonen**
  - Kommunale og private barnehagar**
  - Kommunale skular**
  - Logoped**
  - PPT**
  - Utdanningsforbundet**
  - Fagforbundet**
  - Delta**
  - Sykepleierforbundet**
  - SU på alle kommunale barnehagar og skular**
  - Ungdomsrådet**
  - Sektor for helse og omsorg**
  - Barnevernstenesta Hareid Ulstein Volda Ørsta**
- 3. Høyringsinstansane får fritt kommentere det dei vil i høve utkastet, men følgjande spørsmål vert sendt saman med høyringsutkastet:**
  - I kva grad kan kvalitetsplanen fungere som eit samlande element for sektoren vår?**
  - Kan ein slutte seg til dei verdiane som kjem til syne i kvalitetsplanen og som arbeidet vårt skal bygge på?**
  - Er der delmål, tiltak eller ønska resultat ein saknar i kvalitetsplanen?**

**Vedleggsliste:**

1. Kvalitetsplan for opplæring og oppvekst – høringsutkast
2. Høringsskriv

**Samandrag av saka:**

Oppstarten av arbeidet med kvalitetsplanen vart politisk forankra i driftsstyret 02.12.2015. I møte 10.02.2016 ba driftsstyret administrasjonen om å utarbeide eit arbeidshefte og legge til rette for at alle tilsette i sektoren fekk høve til å kome med innspel i det vidare arbeidet.

I etterkant av prosessar i driftsstyret og i alle einingane våren 2016, har administrasjonen sommaren og hausten 2016 jobba fram eit utkast til kvalitetsplan for sektoren. Administrasjonen ønskjer at driftsstyret skal få høve til å kommentere og kome med innspel til utkastet før det vert sendt på høyring. Ein ønskjer også at driftsstyret får uttale seg om aktuelle høringsinstansar.

Ein gjer merksam på at det no er innhaldet i kvalitetsplanen som vert behandla, det ferdige produktet med lay- out og bilete vil ikkje vere klar før etter teksten er godkjent.

**Saksopplysningar/fakta:**

Kvalitetsplanen må sjåast i samanheng med kommuneplanen sin samfunnsdel, og han skal vere ein felles plattform som på tvers av ulikt lovverk knyter tenestene saman. Planen skal bidra til heilskapleg og samordna innsats på tvers av ulike fagområde.

Planen sin visjon skal gje alle tilsette noko å strekke seg etter i det daglege arbeidet, og alt arbeid i sektoren skal vere forankra i planen sine verdier.

Planen føreset at tilsette og rådsorgan gjer seg kjende med og sluttar opp om kvalitetsplanen.

**Vurdering og konklusjon:**

Administrasjonen rår til at driftsstyret kjem med innspel og merknader til utkast til kvalitetsplan før planen vert sendt på høyring.

Per Ivar Kongsvik

**Utskrift av endeleg vedtak:**

Opplæring og oppvekst

# Kvalitetsplan

Sektor for opplæring og oppvekst



Volda kommune

## Forord

Frå 01.01.2013 vart ny administrativ organisering sett i verk i Volda kommune. Barselomsorg, helsestasjon, barnehage, grunnskule inkludert SFO, kulturskule og vaksenopplæring inkludert busetjing og kvalifisering vart samla i sektor for opplæring og oppvekst. Ein av intensjonane med ny organisering var å knyte organisasjonen saman i ein heilskap.

Oppstarten av arbeidet med kvalitetsplanen vart politisk forankra i driftsstyret 02.12.2015. Driftsstyret ba administrasjonen utarbeide eit arbeidshefte og legge til rette for at alle tilsette i sektoren fekk høve til å kome med innspel i det vidare arbeidet.

Planen har i tillegg vore på høyring til alle tilsette i sektoren, sektor for helse og omsorg, hovudtillitsvalde, PPT, barnevernstenesta, ungdomsrådet, SU barnehagar og skular og private barnehagar.

Kvalitetsplanen må sjåast i samanheng med kommuneplanen sin samfunnsdel, og den skal vere ein felles plattform som på tvers av ulikt lovverk knyter tenestene saman. Planen skal bidra til heilskapleg og samordna innsats på tvers av ulike fagområde.

Alle i sektoren skal bidra til at barn, unge og vaksne har tru på framtida og mogelegheitene som ligg der: At dei meistarar tilværet, sjølve livet.

Planen sin visjon skal gje alle tilsette noko å strekke seg etter i det daglege arbeidet, og alt arbeid i sektoren skal vere forankra i planen sine verdiar.

Planen føreset at tilsette og rådsorgan gjer seg kjende med og sluttar opp om kvalitetsplanen.

Vi ynskjer alle lykke til i arbeidet til det beste for barn, unge og vaksne.

Rebecca Riise Bjerknes  
Leiar i driftsstyret

Per Ivar Kongsvik  
Oppvekstsjef

## Innhald

|                                         |    |
|-----------------------------------------|----|
| Forord.....                             | 2  |
| Innhald.....                            | 3  |
| Formålet med kvalitetsplanen.....       | 4  |
| Verdiane våre .....                     | 4  |
| Visjon for sektoren .....               | 5  |
| Bakgrunn for visjonen .....             | 5  |
| Utdjuping av visjonen .....             | 5  |
| 1 Trivsel, deltaking og medverknad..... | 7  |
| Delmål .....                            | 7  |
| Tiltak .....                            | 8  |
| Utvikling av tenestene .....            | 8  |
| Nye tiltak .....                        | 8  |
| Ønska resultat .....                    | 8  |
| 2 Meistring og læring .....             | 8  |
| Delmål: .....                           | 8  |
| Tiltak.....                             | 10 |
| Utvikling av tenestene .....            | 10 |
| Nye tiltak .....                        | 10 |
| Ønska resultat .....                    | 10 |
| 3 Gode tilbod og tenester .....         | 11 |
| Delmål .....                            | 11 |
| Tiltak.....                             | 12 |
| Utvikling av tenestene .....            | 12 |
| Nye tiltak .....                        | 13 |
| Ønska resultat .....                    | 13 |
| Kjelder .....                           | 14 |

## Formålet med kvalitetsplanen

Formålet med kvalitetsplanen er å synleggjere sektoren sine verdier, mål og tiltak, samt å sikre oversikt og kontinuitet i arbeidet, tverrfagleg samarbeid og tidleg innsats. Kvalitetsplanen skal gje rammer og danne grunnlag for konkrete tiltak i Volda kommune.

Kommunestyret er øvste ansvarlege organ i kommunen, og skal styre utvikling og drift av kommunen gjennom politiske vedtak. Ved at kvalitetsplan for oppvekst er handsama politisk, sikrar ein felles forankring av innhaldet, samt at planen får naudsynt status og prioritet.

## Verdiane våre

|                  |
|------------------|
| <b>RAUS</b>      |
| <b>MODIG</b>     |
| <b>KOMPETENT</b> |
| <b>LÆRANDE</b>   |

Slik definerer Volda kommune verdiane sine:

### RAUS

I Volda kommune er vi rause mot kvarandre. Vi gjev av oss sjølve og vil kvarandre vel. Vi speler kvarandre gode. Vi er inkluderande i vår åtferd, i arbeid og i arbeidsmiljøet. Vi leiter etter ressursar og moglegheiter. Gjer vi eller oppdagar vi feil, ser vi på det som ei moglegheit til å lære. Det skal vere godt å vere i fellesskapet i Volda kommune, og det skal kome brukarane våre til gode.

### MODIG

I Volda kommune er vi modige. Vi tør å sleppe andre inn og gjere oss sårbare - og vi tør å stå opp for oss sjølve og har integritet. Vi har relasjonelt mot, er dyktige på å gje positive tilbakemeldingar til leiarar, kollegaer og brukarar - og vi tør å ta opp det som er vanskeleg. Vi tør å utfordre det etablerte og vi møter det ukjente på ein trygg og open måte. Vi tør å spørje kvifor og korleis, og vi tør å satse sjølv om vi ikkje alltid kjenner framtida.

### KOMPETENT

I Volda kommune er vi kompetente. Vi har mykje kunnskap, og vi veit at den må omsetjast i ein god og forsvarleg praksis skal den ha verdi for dei vi yter tenester til. Vi har gode ferdigheiter, og greier å skape resultat gjennom å motivere, samarbeide og rettleie kvarandre. Vi verdsett personlege eigenskapar som gjer at vi kan framstå med truverd og naturleg autoritet. Vi synleggjer det vi trur på og står for, slik at alle kjenner haldningane våre.

### LÆRANDE

Volda kommune er ein lærande organisasjon. Vi er opptatt av kontinuerleg forbetring, og lærar best i kvardagen. Vi veit at kvalitet i tenesta kjem der det er eit samspel mellom alle involverte partar. Vi oppmuntrar til nytenking og applauderar dei som får til ting i lag. Vi har eit leiarskap som er opptatt av utvikling og innovasjon. Hos oss fører ny lærdom til endring av åtferd og praksis.

## Visjon for sektoren

**«Volda kommune har trygge barn og unge  
som trivst, deltek, meistrar og lærer»**

Kvalitetsplanen skal hjelpe oss til å tenke og handle heilskapleg for å nå måla våre. Vi har definert ein visjon som speglar eit optimistisk syn på framtida vår og kva vi ønskjer å oppnå. Han skal vere ei inspirasjonskjelde for alle som jobbar i sektoren. Oppdraget vårt, dei lovpålagte oppgåvene og måla som er nedfelt i rammeplanar, læreplanar og andre forskrifter, styrer oss. Dei seier kva vi **må** gjere. Visjonen vår trekker derimot fram det overordna målet vårt, og teiknar opp ein kurs for oss.

### Bakgrunn for visjonen

Visjonen vår er formulert med bakgrunn i prosess i eigen organisasjon med blant anna leiarsamlingar og arbeid i personalgruppene. Vi har dessutan sett at regjeringa sin plan for arbeid for barn og ungdom, *Trygghet, deltakelse og engasjement* (desember 2015) går hand i hand med dei tankane som har kome fram i vår eigen prosess i sektoren.

Regjeringa sin plan har følgjande hovudmål: «Et oppvekstmiljø med trygghet, læring og trivsel for alle». Planen legg FN sin konvensjon om barn sine rettar (Barnekonvensjonen) til grunn for sitt arbeid med barn og unge og seier at alle barn har rett til ein trygg oppvekst med høve til å delta og utvikle seg ut frå eigne føresetnader. Planen seier vidare at «alle barn og unge skal ha gode muligheter for utvikling, læring og kvalifisering» og at «dette er viktig både for å sikre en trygg og god barne- og ungdomstid, og for å gi barn og ungdom gode fremtidsmuligheter».

Regjeringa sin barne- og ungdomspolitikkk har følgjande fire mål og prinsipp:

- *Ein trygg oppvekst i familie og nærmiljø*
- *Like rettar og muligheter*
- *Deltaking og innflytelse*
- *Gode tilbod og tenester til alle*

### Utdjuping av visjonen

Å vere trygg handlar om omsorg, om å bli sett og anerkjent som person, samt å utvikle seg og delta i sosialt fellesskap. For barn og unge betyr dette å høyre til i fellesskapet samt oppleve støtte til å etablere og utvikle venskapsrelasjonar i samhandling med andre. Å høyre til og bli inkludert skaper grunnleggjande tryggleik. Vi ser det som svært viktig at våre einingar bidreg til at barn og unge utviklar respekt og toleranse for andre, og at barn og unge som treng støtte og hjelp får det.

For å skape gode oppvekstvilkår for barn og unge er ein avhengig av at dei vaksne er kompetente og trygge i rollene sine, at dei er genuint interesserte i det einskilde barnet eller ungdomen, ser den einskilde sine behov og gjer dei grepa som må til for å sikre barnet eller ungdomen sine rettar til ein trygg oppvekst.

Trygge, tilgjengelege og kompetente vaksne skal vere til støtte for barn og ungdom i utviklingsprosessen. Eit anerkjennande miljø med tydelege, venlege og stabile vaksne med rett kompetanse gir eit godt utgangspunkt for vekst og utvikling for eit barn.

For barn og ungdom er det å bli verdsett som individ, med sine sterke og svake sider, utviklingspotensiale og behov, avgjerande for vidare vekst og utvikling. Barnehage, skule, SFO og kulturskule er viktige arenaer for læring, for å etablere sosiale relasjonar og for utvikling av sjølvkjensle og sjølvtilitt. Dette er igjen grunnleggjande for motivasjon, oppleving av meistring og utvikling av tru på eigne evner og kan i høg grad verke inn på psykiske helseforhold, positivt og negativt, både i barndom og seinare som ung og vaksen.

Leik er eit viktig verkemiddel for å byggje relasjonar mellom barna og mellom barn-vaksen. Gjennom leik lærer vi kvarandre å kjenne og skaper gode fellesopplevingar. Tillit, tryggleik, fellesskap og meistringsopplevingar blir i mange barnegrupper utvikla gjennom leik.

Kvalitetsplan for sektor for opplæring og oppvekst deler vi inn i desse tre hovudområda:

1. Trivsel, deltaking og medverknad
2. Meistring og læring
3. Gode tilbod og tenester

Med kvalitetsplanen ønskjer vi å setje fokus på kor viktig det er at born og unge vert anerkjente og opplever meistring og tryggleik på alle arenaer, dessutan på medverknad, tidleg innsats og opplevd heilskap i tenestene.

Kvalitetsplanen skal bidra til at tilsette opplever tryggleik i eiga yrkesrolle, samt deltek i utviklingsarbeid for å sikre born og unge sine rettar til eit godt oppvekstmiljø.

For å nå dette treng vi:

- System som sikrar tidleg innsats
- System som sikrar systematisk førebyggjande arbeid for å redusere og handsame konflikhtar, krenking, mobbing, diskriminering og trakassering
- System som sikrar at barn og unge frå språklege minoritetar utviklar tilstrekkeleg norskspråkleg kompetanse i barnehage og skule
- System som sikrar at tilsette ser den einskilde sine sterke sider, stimulerer til utvikling og meistring i samsvar med evner og behov
- System som sikrar tverrfagleg samarbeid, internt og eksternt
- System som sikrar kompetansebygging og kvalifikasjonar hjå dei tilsette

Det er nedfelt fleire delmål fordelt på dei tre plandelane, i tillegg til tiltak og ønska resultat.

Alle tilsette i sektor for opplæring og oppvekst er sentrale aktørar i arbeidet med å nå målsetjingane i planen. Tett og godt samarbeid innafor oppvekstsektoren er avgjerande for å nå måla våre.

## 1 Trivsel, deltaking og medverknad

*Sektoren skal arbeide førebyggjande for å fremje eit godt psykososialt miljø, ha ein helsefremjande funksjon og bidra til å jamne ut sosiale skilnader. Det einskilde barn i barnehage og den einskilde elev i skule og SFO skal oppleve tryggleik og sosialt tilhør.*

### Delmål

- Barn og unge trivst, deltek og er inkluderte i fellesskapet
- Ein legg vekt på å utvikle venskap, respekt og toleranse, og å bygge sterke relasjonar mellom barn, unge og vaksne, samt styrke samhandlingskompetansen til den einskilde
- Sektoren har nulltoleranse for krenking, mobbing, diskriminering og trakassering
- Barn og unge blir høyrde og synspunkta deira blir vektlagde

Systematisk arbeid skal sikre barn og unge eit godt psykososialt miljø i barnehage, skule og SFO. Vaksne må ha kompetanse til å arbeide aktivt og godt med førebyggjande miljøarbeid, men òg vite kva ein ser etter for å avdekke uønska hendingar og oppførsel, korleis ein stoppar slike handlingar, samt korleis ein skal følgje opp både den som er utsett for dette og den som utfører det.

Miljø som viser konsekvent og felles vaksenrolle i høve til barn og unge, der den einskilde si oppleving av miljøet blir tatt på alvor og der leiinga tydeleg signaliserer at det psykososiale miljøet er viktig, er òg miljø der ein opplever minst mobbing og negativ åtferd frå barn og unge.

Førebyggjande miljøarbeid må ha eit sterkt fokus i alle foreldregrupper og rådsorgan i barnehage og skule. Barn og unge si stemme skal kome tydeleg fram i førebyggjande arbeid og i einskildsaker, og elevråda og ungdomsrådet skal vere aktive bidragsytarar i arbeidet. For å lukkast i arbeidet mot mobbing, treng vi systematisk arbeid i alle ledd, og tett samarbeid med føresette undervegs, der PPT og helsestasjon gir rettleiing til barnehagar og skular.

Volda kommune ønskjer å bidra til at barn og unge får ein aktiv og helsefremjande oppvekst, med leik og moro, fellesskap og glede. Fokus på glede over fysisk aktivitet saman med sunt kosthald må starte tidleg. Ved å ha eit helsefremjande fokus kan ein danne grunnlaget for gode vanar og livslang læring. Fysisk aktivitet er naudsynt for normal vekst og utvikling og viktig for å oppretthalde god funksjonsevne gjennom heile livet. Gjennom tverrfagleg samarbeid må ein arbeide systematisk for at fleire unge skal ha god psykisk helse og trivsel i kvardagen. Det å høyre til i fellesskapet er viktig, samt at ein arbeider aktivt mot mobbing og utanforskap.

Barn og unge sin rett til medverknad på alle forvaltningsnivå er nedfelt i Barnekonvensjonen. Ein trygg og god oppvekst skal inkludere rom for å kunne medverke og ytre sine egne meiningar, deltaking i demokratiske prosessar, samt oppleving av respekt og aksept for eigen person. Ved å gje dei unge rom for deltaking og reell medverknad, vil ein dessutan kunne skape engasjement og eigarskap til barnehage og skule. I Volda kommune skal barnehagar og skular gi øving og opplæring i medverknad, og dessutan syte for at dei demokratiske organa som sikrar medverknad frå foreldre og elevar fungerer godt og vert brukte.

## Tiltak

### Utvikling av tenestene

- Sikre systematisk arbeid for gode læringsmiljø bl.a. ved å vidareføre Voldaprojektet og å nytte andre kompetansetiltak
- Styrke det sosiale fellesskapet i avdelingane og klassane bl.a. ved å bruke førebyggjande program aktivt i alle skular
- Vidareutvikle bruken av barnesamtalar i barnehagane
- Aktive rådsorgan: Elevråd, FAU, SU, SMU og kommunalt ungdomsråd
- Klare rutinar for korleis krenkande åtferd skal førebyggast, avdekkast og handterast

### Nye tiltak

- Nytte foreldreportal i oppvekstadministrativt program
- Auke ressurs til helsesøster i barnehage og skule
- Styrke PPT sin kapasitet for rettleiing til barnehage og skule

## Ønska resultat

- Auka trivsel og sosial kompetanse hos barn og unge
- Auka aktivitet blant barn og unge; betre fysisk helse - betre psykisk helse
- Tidleg avdekking og oppfølging av risikofaktorar
- Færre opplever krenkingar, mobbing, diskriminering og trakassering i barnehage og skule
- Auka oppleving av å høyre til i fellesskapet

## 2 Meistring og læring

*Barn og unge i Volda kommune skal ha like moglegheiter til å utvikle evnene sine. For å lukkast med det, må ein arbeide aktivt for at alle barn skal tileigne seg eit rikt og variert erfaringsrepertoar knytt til eiga meistring. Vaksne må leggje til rette for at alle barn får gode erfaringar i å lukkast i kvardagen. Forsking viser at barn og unge som har erfaring i å mestre vil kunne stole på eigen kapasitet, vere motivert for å ta fatt på oppgåva og utvikle tru på eigen kompetanse. Det er desse barna som får flest positive erfaringar knytt til eiga læring og meistring. Gjennom støtte og oppmuntring, samt utfordringar som er tilrettelagt den einskilde, skal vaksne bidra til at alle barn og unge opplever motivasjon for og glede over eiga meistring i det daglege.*

### Delmål:

- Tilsette legg vekt på å stimulere og synleggjere ressursane til alle borna og ungdommane
- Barn og unge trivst og opplever meistring, både fysisk, sosialt, emosjonelt og kognitivt
- Barn og unge har tilgang på gode tilbod og tenester, og har mogelegheit til å delta og bruke evnene sine uavhengig av sosial, økonomisk og etnisk bakgrunn.
- Barn og unge frå språklege minoritetar får god og effektiv opplæring i norsk

For å nå desse målsetjingane, må tilsette leggje til rette for at kvart barn får oppleve meistring ut frå sitt potensiale. Det sentrale her vil vere å skape eit godt grunnlag for å lukkast, for slik å gje oppleving av meistring. Dei fleste barn som meistarar ei oppgåve, vil utvikle positive haldningar og interesser for temaet eller oppgåva. På same tid vil det føre til auka sjølvtilitt og kanskje positive haldningar til dei vaksne. I tillegg vil desse haldningane føre til eit positivt løft for vidare læring, kanskje òg for andre tema eller fagområde. Vi må i fellesskap støtte opp om barn og unge sin kompetanse i å lære, motivere dei og hjelpe dei til å utvikle strategiar for å handtere utfordringar, evaluere seg sjølv, utvikle forståing for at læring krev innsats og uthald, slik at dei etter kvart kan utvikle haldningar og forventningar om at «Eg kan lære!»

I eit trygt miljø vil fleire våge å ta fatt på nye utfordringar. Gjer ein feil, så lærer ein likevel noko verdifullt undervegs. Det er dei vaksne som er ansvarlege for at barn og unge opplever eit trygt læringsmiljø. Tilsette i kommunen må arbeide for å etablere ein tillitsfull og god dialog med alle barn og unge og deira føresette og familiar, ein dialog som er kjenneteikna av anerkjennande kommunikasjon med interesse for den andre part. Barn og unge skal oppleve at vaksne bryr seg om dei, tar dei på alvor og vil gjere sitt beste for å støtte opp om vidare vekst og utvikling.

Vidare må det fysiske og psykiske miljøet vere slik at det er godt å vere der. Her vil samspelet mellom dei vaksne og barn og unge spele ei avgjerande rolle. Forsking viser at læraren si evne til å etablere eit godt sosialt miljø, skape ro og orden, leggje vekt på læring, gi variert undervisning og gode tilbakemeldingar, samt samarbeide tett og godt med heimen, er viktige faktorar for å fremje læring.

Språk er viktig for opplæring, utvikling og integrering og særleg viktig for barn og unge med anna morsmål enn norsk. For at barn og unge frå språklege minoritetar raskt skal tileigne seg norsk språk, og raskt skal bli integrert i sitt lokalmiljø, må språkopplæringa skje i nært samspel med lek og aktivitetar der språket blir praktisert i naturlege samanhengar. Barn og unge frå språklege minoritetar skal, når dei kjem til Volda kommune, få tilbod om opplæring utan ugrunna opphald, og skal så snart som mogleg integrerast i ordinært opplæringsløp.

Helsestasjon, barnehage, skule og SFO er førebyggjande og helsefremjande tenester der ein har fokus på tidleg innsats på alle område. Med tidleg innsats meiner vi at barn, unge og deira familiar skal få rett hjelp til rett tid, på rett stad, og så tidleg som mogleg. Med det meiner vi så tidleg som mogleg i barnet si utvikling, men også så tidleg som mogleg når hendingar og/eller vanskar oppstår, uavhengig av alder.

Tidleg innsats inneber førebyggjande arbeid i tenestetilboda, og at adekvat hjelp vert gitt før vanskar vert komplekse og fastlåste. Tidleg avdekking av risikofaktorar er viktig for å sikre barn og unge hjelp tidleg. Avhengig av type risikofaktor, vil foreldre få tilbod om rettleiing hos helsestasjon, PPT, hos andre avdelingar i kommunen, t.d. barnevern, eller hos eksterne samarbeidspartar.

Opplæring og oppvekst har slik strategi for tidleg innsats:

- Universalførebyggjande tiltak for alle barn og føresette for å hindre at vanskar oppstår.
- Selektive tiltak for barn og føresette med risiko for å utvikle vanskar.
- Indikative tiltak for barn og føresette med behov for særskilte tiltak.

Alle barn skal gjennom fleire omfattande overgangsprosessar i løpet av barne- og ungdomstida. Ved barnehagestart, ved skulestart, mellom ulike avdelingar, barnehagar, skular og mellom ulike

skuleslag. Forsking viser at alle slike overgangar kan påverke sjølvbilete og seinare livskompetanse. Det er derfor viktig at alle overgangar vert opplevde som gode for både barn og føresette..

## Tiltak

### Utvikling av tenestene

- Vidareutvikle rutinane for arbeidet med barn og unge frå språklege minoritetar
- Styrke tverrfagleg samarbeid gjennom aktiv bruk av ressursteamet
- Satsing på å gjere undervisninga i skulen praktisk, variert og motiverande
- Heve kvaliteten på leseopplæringa, ved blant anna å innføre ny metode med raskare bokstavinnlæring og ved vidare bruk av SOL, systematisk observasjon av lesing.
- Vidareutvikle vurderingspraksisen i skulane, blant anna ved å trekke erfaringar frå prosjektperioden i Vurdering for læring.
- Evaluere og vidareutvikle rutinar for alle overgangar med fokus på erfaringsutveksling og sikre samanheng og progresjon i læringsinnhaldet i barnehage og skule.
- Etablere tettare samarbeid med vidaregåande skule i høve overgang
- Satsing på arbeidslivsfag i ungdomsskulen
- Vidareutvikle alternative opplegg for elevar med særskilde behov

### Nye tiltak

- Utarbeide rutinar for tidleg innsats i barnehage og skule. Tidleg innsats skal vere dokumentert gjennom tilrettelagte tilbod.
- Utarbeide gode rutinar for overgangssamtalar mellom avleverande og mottakande eining.

## Ønska resultat

- Avdekking av lese-, skrive- og lærevanskar på eit tidleg stadium
- Betre tilpassa opplæring
- Auka læringsutbyte fagleg og sosialt
- Fleire barn og unge får utbyte av det ordinære tilbodet.
- Betre integrering av barn og unge frå språklege minoritetar
- Auka deltaking i vidare utdanning og arbeidsliv
- Redusert fråfall i vidaregåande opplæring

### 3 Gode tilbud og tenester

*Sektor for opplæring og oppvekst er ein lærande organisasjon der erfaringsdeling og kunnskaps- og ferdigheitsutvikling har fokus. Dette må ligge i botn for at vi skal kunne sjå kvar einskild og møte behova deira.*

*Det er viktig for barn og unge sin tryggleik, trivsel og utvikling at dei møter godt kvalifiserte tilsette som gjennom å nytte utvalde metodar og program syter for at det einskilde barn får den oppfølginga det treng. Rett hjelp og oppfølging til rett tid er eit sentralt mål.*

*For å lukkast med målsetjingane for dette tiltaksområdet, er kompetansen til dei tilsette avgjerande.*

#### Delmål

- Barn og unge møter tilgjengelege vaksne med rett kompetanse som er trygge i rollene sine
- Samhandling og dialog til beste for barn
- Alle tilsette opplever eit inspirerande arbeidsmiljø, fritt for krenking, mobbing, trakassering og diskriminering
- Kommunen sin innsats retta mot barn og unge med særskilde hjelpebehov er prega av tverrfagleg samarbeid både internt og eksternt, med tanke på å utvikle ei heilskapleg oppfølging av kvar einskild som har behov for kommunen sine hjelpetenester
- Kommunen nyttar til ei kvar tid kunnskapsbaserte/evidensbaserte metodar/program/tiltak som følgjer sentrale tilrådingar
- Kommunen har infrastruktur, IKT-utstyr og –system som
  - motiverer til læring
  - stettar lov og forskrifter i høve utvikling av barn og unge sine digitale ferdigheiter i barnehage og skule
  - fungerer som ein god støttefunksjon for alle tilsette i sektoren

Volda kommune søkjer å legge til rette for at dei tilsette kan vere trygge i rollene sine. Tilsette i barnehage og skule får støtte til å utvikle vaksenrolla gjennom samarbeid og oppfølging av PPT, men òg kommunepsykolog, logoped og barnevernet, samt eksterne samarbeidspartar.

Sektor for opplæring og oppvekst i Volda skal gje støtte i høve utfordringar som barn og unge møter i dag, til dømes utfordringar knytt til:

- Kunnskapssamfunnet som skaper utanforskap om ein ikkje lukkast på skulen
- Utdanning og framtidig yrkesutdanning - å gjennomføre vidaregåande skule
- Oppleving av stress og det å ikkje strekke til
- Kroppsbilete
- Einsemd og lite deltaking i organiserte aktivitetar
- Generell velstandsauke versus barnefattigdom

Vi vil vere med å skape eit utviklande og inkluderande oppvekstmiljø for barn og unge, utan omsyn til bustad, kjønn, sosial bakgrunn, etnisk opphav eller funksjonsevne.

I eit slikt miljø skal helsestasjon, barnehagar, skular og SFO gi god støtte, fagleg og sosialt, til kvart einskild barn og kvar einskild ungdom slik at dei kjenner seg verdsett. Barnehage- og skulemiljøet kan

slik verke som ein beskyttande faktor, ein arena der venskap og god sjølvkjensle oppstår og utviklar seg.

Tilsette i kommunen må ha kompetanse og ferdigheiter til å nytte pedagogiske verkty som skaper gode opplevingar av meistring for det einskilde barn, og som møter barn og unge sine behov på ein aktiv måte. Ein slik kompetanse må inkludere både relasjonskompetanse og kompetanse knytt til tidleg innsats og tilpassa opplæring. Skal vi lukkast med meir sosial utjamning, må vi møte den einskilde med høge forventningar. På same tid må barn som ikkje har tilfredsstillande læringsutvikling fangast opp på eit tidleg tidspunkt. Tidleg innsats må innebere både vurdering av barnet eller eleven sin kompetanse, samt oppfølging i ettertid. Dette krev at våre tilsette kan bruke eit profesjonelt skjøn for å avgjere kva for tiltak som skal setjast inn. Om vi som vaksne på eit tidleg stadium har for lave forventningar til eit barn si utvikling og meistring, kan dette verke negativt inn på seinare faglege moglegheter.

Dei daglege møtepunktta mellom føresette og tilsette ved helsestasjon, i barnehage og skule er viktige for å førebygge vanskar. Å legge vekt på dialog og samarbeid med foreldre, ha klare målsetjingar og system for og dessutan forventningar til dette samarbeidet, samt å undersøkje korleis foreldra opplever kvaliteten på samarbeidet, gir eit godt utgangspunkt for å arbeide med faktorar som skaper rammer for eit godt oppvekstmiljø.

Sektor for opplæring og oppvekst ønskjer god samhandling mellom dei ulike faggruppene og avdelingane. Samhandling handlar om den gjensidige relasjonelle deltakinga og engasjementet i den kontinuerlige dialogen mellom personane som arbeider saman for å oppnå eit felles mål.

Samhandling inneber gjensidig forståing og tilpassing mellom eigne og andre fagfolk sine arbeidsoppgåver. Formålet med å handle saman er å sikre flyt i arbeidsprosessane slik at brukarane opplever samanheng i tenester og tiltak. Denne samhandlinga baserer seg på tillit, gjensidigheit og likeverd, samt ei felles forståing om kva det skal samhandlast om og kvifor.

Sektoren har gode erfaringar med nettverksarbeid på mange område, der noko av suksessen ligg i det å dele erfaringar og lære av kvarandre. Siste åra har arbeidsplassbasert kompetanseutvikling vore prøvd ut i stor grad i barnehagar og skular. Kvar enkelt tilsett vert utfordra til å sjå på eigen praksis, gjere undersøkingar og dele erfaringane sine med andre undervegs. Slik utviklar og forbetrar vi eigen praksis. Vi ønskjer å utvikle denne modellen vidare og integrere han i alle avdelingar og einingar.

Digital kompetanse er i dag ein føresetnad for å delta i ulike former for læring og utdanning og for å delta aktivt i samfunns- og arbeidsliv. For å klare å følgje opp forskrifter og rammeverk i høve IKT treng vi eit løft i sektoren, både med omsyn til kompetanse, infrastruktur og utstyr.

## **Tiltak**

### **Utvikling av tenestene**

- Sikre kompetansetiltak for tilsette i høve vaksenrolla, relasjonsbygging, tidleg innsats, tilpassa opplæring, vurdering for læring, læringsleiing, fleirkulturelt mangfald.
- Nytte miljøterapeutisk kompetanse i skulen
- Alle einingar skal vere lærande fellesskap kjenneteikna ved god tilrettelegging for erfaringsdeling. Det skal reflekterast over god praksis i fellesfora, i team eller avdelingar og i faggrupper.

- Sektoren bruker kunnskapsbaserte metodar og program
- Alle einingar skal ha fokus på nærvær og arbeidsglede og aktivt følgje opp rutinar for Inkluderande Arbeidsliv (IA) og plan for helse, miljø og sikkerheit (HMS).
- Kvar eining skal ha eit system for å følgje opp medarbeidarane
- Felles system for prosedyrar og rutinar skal jamleg oppdaterast
- Volda kommune skal ha eit system for oppfølging av kvalitet i barnehage og skule som:
  - fører til utvikling
  - gir fagleg støtte
  - gir breitt innsyn i einingane sitt arbeid og resultat.
  - legg til rette for god dialog mellom brukarar, personale og eigar og også mellom einingar
  - avdekkjer og lukkar avvik
- Arbeidet retta mot barn og unge med særskilde hjelpebehov er prega av tverrfagleg samarbeid både internt og eksternt
- Volda kommune skal ha
  - god pedagogisk bruk av IKT i barnehage og skule som motiverer til læring
  - personale med god digitaldidaktisk kompetanse
  - godt utstyr og pedagogisk programvare til bruk i barnehage og skule

#### Nye tiltak

- Auka kapasitet til miljøtiltak i skule – miljøarbeidar, sosiallærer (anna kompetanse)
- Vurdere nye tiltak/metodar/program opp mot sentrale føringar innan dei ulike fagområda
- Ipadar i forholdet 1:2 for 4-6-åringane i barnehagen
- Ipadar i forholdet 1:1 på 1.-4. årssteg i skulen
- Ipadar/chromebooks/PCar i forholdet 1:1 på 5.-10. årssteg i skulen

#### Ønska resultat

- Autoritative vaksne i barnehage og skule
- Tett foreldresamarbeid
- Godt tverrfagleg samarbeid – opplevd heilskap i tenestene frå kommunen
- Auka trivsel i barnehage og skule
- Auka læring i barnehage og skule
- Betre psykisk helse hjå barn og unge
- Avdekking av lese-, skrive- og lærevanskar på eit tidleg stadium
- Foreldre til barn med særskilde behov opplever at barna deira får ei heilskapleg oppfølging frå hjelpetenesta i kommunen
- Systema er oppdaterte og funksjonelle
- Tilsette har tilstrekkeleg kunnskap og dugleik knytt til aktuelle tiltak/program/metodar innan sitt virke
- Barn og unge utviklar digital kompetanse som er nødvendig for å delta i ulike former for læring og utdanning og for å delta aktivt i samfunns- og arbeidsliv

## Kjelder

Bandura, Albert (1997): Self-efficacy: The exercise of control. New York: W.H. Freeman and company.

Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet (2015): Trygghet, deltakelse og engasjement.

Befring, Edvard og Reidun Tangen (2012): Spesialpedagogikk. Cappelen Akademiske Forlag.

FN sin konvensjon om barn sine rettar: <http://www.fn.no/FN-informasjon/Avtaler/Menneskerettigheter/FNs-konvensjon-om-barnets-rettigheter-barnekonvensjonen>

Folkehelsemeldingen - Mestring og muligheter:

<https://www.regjeringen.no/contentassets/2b16dd79c34f46e49aa580b48b955af8/samlet-plan-for-barn-og-unge.pdf>

Kunnskapsdepartementet (2015): NOU 2015:2 Å høre til. Virkemidler for et trygt psykososialt skolemiljø.

Lov om barnehage: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-64?q=barnehagelova>

Lov om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61/>

Rammeplan for barnehagen: <http://www.udir.no/laring-og-trivsel/rammeplan/>

Redd barna (2016): <http://www.reddbarna.no/elevnesmening/til-laerere/hvordan-faa-til-elevmedvirkning/voksenrollen-er-viktig>

St. meld. nr. 16 (2006-2007): ... og ingen stod igjen. Tidlig innsats for livslang læring.

<https://www.regjeringen.no/contentassets/a48dfbadb0bb492a8fb91de475b44c41/no/pdfs/stm200620070016000dddpdfs.pdf>

St. meld. nr. 31 (2007-2008): Kvalitet i skolen.

<https://www.regjeringen.no/contentassets/806ed8f81bef4e03bccd67d16af76979/no/pdfs/stm200720080031000dddpdfs.pdf>



Høyringsinstansar etter liste

|                     |                |                  |                          |             |
|---------------------|----------------|------------------|--------------------------|-------------|
| <i>Arkivsak nr.</i> | <i>Løpenr.</i> | <i>Arkivkode</i> | <i>Avd/Sakshandsamar</i> | <i>Dato</i> |
| 2015/2384           | 13019/2016     | 033              | OPP/ VIBBER              | 08.11.2016  |

## **HØYRINGSSKRIV - KVALITETSPLAN FOR OPPLÆRING OG OPPVEKST**

Frå 01.01.2013 vart ny administrativ organisering sett i verk i Volda kommune. Barselomsorg, helsestasjon, barnehage, grunnskule inkludert SFO, kulturskule og vaksenopplæring inkludert busetjing og kvalifisering vart samla i sektor for opplæring og oppvekst. Ein av intensjonane med ny organisering var å knyte organisasjonen saman i ein heilskap.

Oppstarten av arbeidet med kvalitetsplanen for sektoren vart politisk forankra i driftsstyret 02.12.2015. Driftsstyret ba administrasjonen utarbeide eit arbeidshefte og legge til rette for at alle tilsette i sektoren fekk høve til å kome med innspel i det vidare arbeidet.

Kvalitetsplanen må sjåast i samanheng med kommuneplanen sin samfunnsdel, og han skal vere ein felles plattform som på tvers av ulikt lovverk knyter tenestene saman. Planen skal bidra til heilskapleg og samordna innsats på tvers av ulike fagområde.

Planen sin visjon skal gje alle tilsette noko å strekke seg etter i det daglege arbeidet, og alt arbeid i sektoren skal vere forankra i planen sine verdier.

Planen føreset at tilsette og rådsorgan gjer seg kjende med og sluttar opp om kvalitetsplanen.

Kvalitetsplanen vert no sendt ut på høyring til alle einingane i sektoren i tillegg til alle nære samarbeidspartar. Ein kan fritt kommentere og gi innspel til kvalitetsplanen. Vi listar likevel opp nokre spørsmål vi gjerne vil ha tilbakemeldingar på:

1. I kva grad kan kvalitetsplanen fungere som eit samlande element for sektoren vår?
2. Kan ein slutte seg til dei verdiane som kjem til syne i kvalitetsplanen og som arbeidet vårt skal bygge på?
3. Er der delmål, tiltak eller ønska resultat ein saknar i kvalitetsplanen?

Ein gjer merksam på at det no er innhaldet i kvalitetsplanen som vert behandla, det ferdige produktet med lay- out og bilete vil ikkje vere klar før etter teksten er godkjent.

***Høyringsinstansar:***

Helsestasjonen

Kommunale og private barnehagar

Kommunale skular

Logoped

PPT

Utdanningsforbundet

Fagforbundet

Delta

Sykepleierforbundet

SU på alle kommunale barnehagar og skular

Ungdomsrådet

Sektor for helse og omsorg

Barnevernstenesta Hareid Ulstein Volda Ørsta

Med helsing

Per Ivar Kongsvik  
oppvekstsjef

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

**Handsaming:**

Fride Sortehaug kom med slikt framlegg:

*Saka blir utsett og sendt til driftsstyret før vidare behandling i formannskapet.*

**Røysting** (8 røysteføre):

Utsetjingsframlegget fekk fem røyster og vart vedteke, tre røysta imot (Arild Iversen, Margrete Bjerkvik og Dan Bjørneset)

**Tilråding i formannskapet - 20.09.2016 til kommunestyret:**



## SAKSDOKUMENT

---

|                |                  |               |          |
|----------------|------------------|---------------|----------|
| Sakshandsamar: | Asbjørn Moltudal | Arkivsak nr.: | 2013/821 |
|                |                  | Arkivkode:    | 242      |

---

| Utvalsaksnr | Utval         | Møtedato   |
|-------------|---------------|------------|
| 165/16      | Formannskapet | 20.09.2016 |
| 63/16       | Driftsstyret  | 16.11.2016 |
|             | Formannskapet |            |
|             | Kommunestyret |            |

### RETNINGSLINJER FOR BRUKEN AV NÆRINGSFOND OG KRAFTFOND.

#### Administrasjonen si tilråding:

*Kommunestyret syner til at retningslinjene for næringsfond og kraftfond vart reviderte så seint som i K.sak 6/14 og held fast ved det vedtaket. Dersom Volda kommune igjen får tildelt midlar til næringsfond frå fylkeskommunen, skal midlane tildelast i samsvar med reviderte lokale retningslinjer for bruken av næringsfond fylke/stat slik det går fram av vedlegga til ovannemnde K.sak 6/14.*

#### Vedleggsliste:

1. Vedtekter Næringfond (kraft)
2. Kst sak 6/14 Næringsfonda - Retningslinjer for bruken (m/vedlegg)

#### Uprenta saksvedlegg:

- <https://regionalforvaltning.no/Startside/VelkommenStotteordning.aspx?Forvalter=Volda+kommune>

#### Samandrag av saka:

I samband med Budsjettet for 2016 Kst 152/15 vart det gjort følgjande oversendingsvedtak

Pkt. 31.

...

*Driftstyret ber administrasjonen fremme ei sak vedrørende tildeling av midlar frå kraftfond og næringsfond i løpet av 2016, i god tid før budsjetthandsaming*

...

Med tilvising til ovannemnde vedtak legg rådmannen med dette fram saka.

### **Saksopplysningar:**

Spørsmål om retningslinjer for bruken av Næringsfonda vart sist handsama så seint som i sak 6/14 i Kommunestyret 30.01.2014. Det vart då gjort slikt vedtak:

1. *Kommunestyret godkjenner disponering av næringsfond-kraft for 2014 som går fram i saksutgreiinga under punktet vurdering/konklusjon.*
2. *Kommunestyret godkjenner forslag til reviderte lokale retningslinjer for bruken av næringsfond fylke/stat, jfr. vedlegg 4 i denne saka, og som kjem i tillegg til retningslinjer vedteke av fylkeskommunen.*

Dei nye reviderte lokale retningslinjene er såleis ikkje meir enn vel 2 år gamle.

Då saka i januar 2014 vart handsama hadde kommunen to næringsfond:

1. Kommunalt næringsfond (kraftfond)
2. Næringsfond med midlar frå fylkeskommune (**statsmidlar**)

Frå desse fonda kunne det søkjast om midlar til næringsføremål generelt og vedtektene for næringsfond-kraft vart reviderte, jfr. *vedlegg 1*.

Næringsfondet med midlar frå fylkeskommunen var tidlegare definert som ei eiga ordning som fekk øyemerka midlar frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Dette er det slutt på, men fylkeskommunane står fritt til å gje kommunane påfyll til dei kommunale næringsfonda, frå ramma for regionale utviklingsmidlar, kap. 551 post 60.

Møre og Romsdal fylkeskommune har vedteke eigne retningslinjer for kommunale næringsfond. I tildelinga frå fylkeskommunen (jfr. skriv d.s. 01.03.2016 går det fram at;

*"Kommunar med konsesjonsinntekter frå kraftindustrien kan bruke desse til næringsutviklingsformål. Kommunar med kraftfond får ikkje tildelt næringsfond frå fylkeskommunen. Dette gjeld Volda, Ørsta, Norddal, Rauma, Nesset, Sunndal, Surnadal og Rindal."*

Volda kommune har såleis etter 2013 ikkje fått tilført midlar til næringsfond med midlar frå fylkeskommune (**statsmidlar**). I praksis har vi i dag såleis berre eitt næringsfond-**kraftfondet**. Om det vil kome nye midlar til dette fondet veit ein pr. i dag ikkje.

Kommunen står også noko friare i bruken av midlane frå kraftfondet, då det i dei generelle retningslinjene står at *"Fondet skal i hovudsak nyttast til næringsføremål. Fondet kan og nyttast til kommunale fellestiltak."* I fleire år har det vorte gjeve støtte til marknadsføring av ulike festivalar, då fondstyret har sett på festivalane som del av marknadsføring/ omdømebygging av Volda, noko som også kjem fleire til gode, ikkje minst andre næringsdrivande.

Årleg tilvekst på næringsfond-kraft er no på kr. 735.000,- , med tillegg av renter (stipulert til kr. 25.000)

Det har siste åra vore nytta midlar frå næringsfond-kraft til delfinansering av satsinga Sunnmøre Kulturnæringshage (150.000,- i 6 år frå og med 2010). I sak om avtale med fylkeskommunen om vidare statsing på [www.hoppid.no](http://www.hoppid.no), vart det i f-sak 139/13 signalisert vidare løyving til Sunnmøre Kulturnæringshage AS på kr. 150.000,- pr. år i avtaleperioden 2014-16. Den avtalen er no prolongert slik at den vert fornya for eitt år om gongen om den ikkje er oppsagt av ein av partane innan 1.oktober i avtaleåret.

### **Vurdering og konklusjon:**

Som eg har skrive innleiingsvis er det ikkje lenge sidan retningslinjene for næringsfonda vart endra (2014) og eg vil difor rå til at det, i tillegg til dei disponeringar kommunestyret alt har gjort, vert sett av årlege beløp frå kraftfondet til festivalane, og at dette beløpet vert disponert administrativt, og knytt då til marknadsføringstiltak. Summane til dei årlege festivalane vil verte handsama i samband med komande årsbudsjett. Dette vil lette sakshandsaminga, og gje føreseielege vilkår å halde seg til. Eg føreset at festivalane på vanleg måte må søkje på midlane med naudsynt dokumentasjon på [www.regionalforvaltning.no](http://www.regionalforvaltning.no).

Formannskapet har tidlegare drøfta at ordførar i påkomande tilfelle bør ha fullmakt til å kunne nytte nokre midlar til tiltak som skulle kome på, t.d. td. marknadsføring, arrangement i kommunal regi med fokus på utvikling og etablering, utgreiingstiltak mv. Eg rår til at det vert sett av kr. 100.000,- til dette.

Dersom kommunen igjen får midlar frå fylkeskommune til næringsfond til generelle næringstiltak, vil søkjarar med gode forretningsidear framleis kunne søkje om støtte.

Eg rår elles til at lokale reglar for prioritering når det gjeld bruken av næringsfond vert justert og vidareført i samsvar med *uprenta vedlegg 4* (som vedteke i 2014), i tillegg til dei generelle retningslinjene jfr. *vedlegg 2*. Såleis at det normalt ikkje vert gjeve støtte til: importverksemd, detaljhandel/ butikketableringar, kafé- og restaurantverksemd, tradisjonell konsulentverksemd/ bedriftsrådgiving, helse-/velværetilbod, web-design og nettbutikk og liknande.

### **Helse og miljøkonsekvensar:**

Ingen

### **Økonomiske konsekvensar:**

Med ei disponering av næringsfond-kraft som omtalt ovanfor, vil tidlegare støtta tiltak av eit visst omfang normalt ikkje kunne komast i møte, t.d. kjøp av mjølkevoter, midlar til utgreiing kraftutbygging osv. Men kommunen vil, om ordninga med årleg fylkeskommunalt tilskot til næringsfond held fram, ha midlar til fordeling til søkjarar som fyller kriteria jfr. *vedlegg 2* og 4. Vidare har hoppid.no-kontoret midlar til avklaring av forretningsidear.

### **Beredskapsmessige konsekvensar:**

Ingen

Rune Sjurgard  
Rådmann

Asbjørn Moltudal  
Rådgevar

### **Utskrift av endeleg vedtak:**

Sakshandsamar Asbjørn Moltudal

# VEDTEKTER FOR BRUK OG FORVALTNING AV NÆRINGSFOND I VOLDA KOMMUNE (KRAFTFONDET)

Vedtekne av Volda kommunestyre i møte den 26.05.94, sak 89/94, redigert 17.6.09, sak 77/10.

Godkjent av Fylkesmannen i Møre og Romsdal den 5.11.96

## § 1. HEIMEL, KAPITAL OG AVKASTING:

- a) Fondskapitalen er:  
Næringsfond på kr. 100.000,- innbetalt av L/L Tussa Kraft i medhald av  
konesjonsvilkåra for Åmæla kraftverk, jmfør kgf. resolusjon av 16.06.72.

Fondskapitalen kan berre nyttast til lån, herunder ansvarlege lån, og/eller avsettast til  
garantifond.

- b) Avkastinga er:  
Årlege konsejnsavgifter som blir innbetalt av L/L Tussa Kraft i medhald av  
konesjonsvilkåra for Åmæla kraftverk og Dale Kraftverk.

Andre konsejnsinntekter som blir innbetalt til kommunen.

Renter og annan avkasting på fondskapitalen.

Avkastinga kan nyttast til næringsføremål og lån på vilkår.

## § 2. FØREMÅL:

Fondet skal i hovudsak nyttast til næringsføremål. Fondet kan og nyttast til kommunale  
fellestiltak.

Av fondet kan det seijast av midlar til disposisjon for støtte til prosjekt med lågare  
kapitalvrong enn det som er aktuelt for finansiering frå distriktspolitiske virkemidlar som vert  
forvalta av fylkeskommunen.

Prosjekt som kan føre til auke sysselsetting for kvinner og ungdom bør prioriterast.

Det kan ikkje gjevast støtte til sanering av gjeld eller til den løpande drift av verksemdar eller  
kommunen. Det bør heller ikkje gjevast støtte til verksemd som tek i mot store overføringar  
over statsbudsjettet.

## § 3. STØTTEFORMER:

Støtte kan gjevast som lån. Vidare kan det stillast garanti for kommunale tiltak i den grad dei  
er gyldige garantiføremål etter § 51 i kommunelova; jmfør departementet sine forskrifter om  
kommunale garantiar.

Frå avkastinga kan det og gjevast tilskot og lån på vilkår. Midlane bør ikkje nyttast til aksjeteikning i private verksemdar. Dersom det vert teikna kommunale aksjar, kan ikkje dette utgjere meir enn 30 % av aksjekapitalen i verksemda. Denne avgrensinga gjeld ikkje utviklingselskap, utlegebygg o.l. som kommunen etablerer i samarbeid med private interessantar.

#### § 4. STØTTEVILKÅR:

Samla støtte frå fondet til private næringsstiltak skal som hovudregel ikkje overstige 50 % av den totale kapitaltrongen for eit prosjekt. Ved prosjekt som er særleg viktige for kvinner og ungdom og ved nytetableringar, kan det gjevast inntil 75 % støtte. Støtta (tilskot og eventuelt subsidielement i lån med nedsett rente) skal vere avgrensa slik:

Maksimal støtte må ligge innanfor ei maksimumsgrense på kr. 400.000,- (50.000,- Euro) til eit og same føremål i ei og same bedrift i ei treårsperiode. Bedrifter som tek i mot støtte pliktar å opplyse om at ein har mottoke støtte frå offentlege midlar innan utløpet av treårsperioden (det vert vist til EØS-avtalen sitt regelverk for offentleg støtte, reglane for bagatellmessig støtte, de minimis).

#### § 5. FORHOLDET TIL INTERNASJONALE PLIKTER PÅ STØTTEOMRÅDET:

Bruken av fondet må vere i samsvar med dei internasjonale regelverka Noreg har slutta seg til på statsstøtteområdet.

#### § 6. FORVALTNING:

Formannskapet er fondsstyre. Det er høve til å delegere avgjerdsmynde frå fondsstyret til administrasjonen innanfor nærare gjevne fullmaktgrenser.

Fondsmidlane skal plasserast på renteberande konto slik at midlane er disponible til ei kvar tid. Renter og avdrag skal først attende til fondet.

#### § 7. KLAGE:

##### a) Legaltretsklage:

Etter § 59 i kommunelova kan tre eller fleire medlemmer av kommunestyret saman bringe ei avgjerd i eit folkevald organ inn for departementet for å kontrollere at avgjerda er lovleg. Departementet sitt mynde til å avgjere slik klager er delegert til Fylkesmannen, jmfør departementet sitt rundskriv H 25/92 av 1.6.93. Fristen for å krevje legalitetskontroll er ved forskrift av 13.1.93, jff. rundskriv H-4/93, sett til 3 veker frå det tidspunktet vedtaket vart gjort.

##### b) Forvaltningsklage (partsklage):

Vedtak om avslag på søknad om støtte må sjåast som enkeltvedtak etter § 2 i Forvaltningslova. Etter Forvaltningslova sin § 28 2. lekken kan enkeltvedtak gjort av forvaltningsorgan i medhald av kommunelova klagast til kommunestyret eller til særskilt klagenemnd. Når vedtaket det er klaga på er gjort av kommunestyret, er

departementet klageinstans. Departementet sitt mynde til å avgjere forvaltningsklager er deleget til Fylkesmannen, jmfør rundskriv H-25/92 av 1. juni 1993.

- c) Høve til å klage har den som er part i saka eller annan med rettsleg klageinteresse. Klage over Fylkesmannen si avgjerd om godkjenning av vedtekter for næringsfond:

Etter Industrikonsejnslova sin § 2, 3. lekken nr. 13, 6. lekken og Vassdragsreguleringslova sin § 11 nr. 2, 2. lekken, kan kommunen klage på Fylkesmannen si avgjerd etter nærare reglar fastsett av departementet.


I punkt 1.3 er det bestemt at kommunen kan klage på Fylkesmannen si avgjerd til Kommunal- og regiondepartementet. Med "kommunen" meiner ein kommunestyret.

#### § 8. ÅRSMELDING:

Det skal leggast fram ei melding til kommunestyret om bruken av fondet kvart år. Gjenpart av denne meldinga skal sendast Fylkesmannen og fylkeskommunen.

#### § 9. GODKJENNING AV VEDTEKTER:

Vedtektene kan endrast etter vedtak i kommunestyret. Vedtaket treng godkjenning av Fylkesmannen. Kopi av godkjende vedtekter skal sendast fylkeskommunen.



## VOLDA KOMMUNE

### Servicekontoret

Administrasjonen

| Arkivsak nr. | Løpnr.    | Arkivkode | Avd/Saksbehandlar | Dato       |
|--------------|-----------|-----------|-------------------|------------|
| 2013/821     | 1033/2014 | 242       | SVK/ US           | 03.02.2014 |

#### MELDING OM POLITISK VEDTAK - NÆRINGSFONDA - RETNINGSLINER FOR BRUKEN

Vi melder med dette frå at kommunestyret den 30.01.14, hadde føre ovannemnde som sak PS 6/14, der det vart gjort slikt vedtak:

1. *Kommunestyret godkjenner disponering av næringsfond-kraft for 2014 som går fram i saksutgreiinga under punktet vurdering/konklusjon.*
2. *Kommunestyre godkjenner forslag til reviderte lokale retningslinjer for bruken av næringsfond fylke/stat, jfr. vedlegg 4 i denne saka, og som kjem i tillegg til retningslinjer vedteke av fylkeskommunen.*

Sakutgreiinga følger vedlagt.

Volda kommune, servicekontoret

Unni Strand  
sekretær

Kopi til:  
Sakshandsamar Per Ernst Lundberg

---

|              |                             |                      |
|--------------|-----------------------------|----------------------|
| Postadresse: | postmottak@volda.kommune.no | www.volda.kommune.no |
| Stormyra 2   | Telefon:                    | Org. nr:             |
| 6100 Volda   | 70058886                    | 939 760 946          |
|              | Telefaks:                   | Bank giro:           |
|              | 70058701 70058701           | 3991.07.81727        |

# SAKSDOKUMENT

|                |                    |               |          |
|----------------|--------------------|---------------|----------|
| Sakshandsamar: | Per Ernst Lundberg | Arkivsak nr.: | 2013/821 |
|                |                    | Arkivkode:    | 242      |

| Utvalsaksnr | Utvål         | Møtedato   |
|-------------|---------------|------------|
| 14/14       | Formannskapet | 21.01.2014 |
| 6/14        | Kommunestyret | 30.01.2014 |

## NÆRINGSFONDA - RETNINGSLINER FOR BRUKEN

### *Handsaming i kommunestyret:*

Jan Henning Egset reiste spørsmål om han var ugild. Han er adm. dir. i Studentsamskipnaden som er medarrangør for arrangement som har motteke tilskot. K1 §40, jf Fv1 §6, 1. ledd, bokstav e, nr. 2.

Gunnar Strøm reiste spørsmål om han var ugild. Han har ei aktiv rolle for festivalar som er søkjar av tilskot. K1 §40, jf Fv1 §6, 2. ledd.

Dei tok ikkje del i handsaminga av og røystinga over spørsmålet om deira gildskap.

### **Røysting vedk. ugildskap:**

Jan Henning Egset vart samrøystes kjend gild. Han tok sete.

Gunnar Strøm vart samrøystes kjend gild. Han tok sete.

Jan Heltné, H, kom med fylgjande framlegg som alternativ til pkt. 1:

*Kommunestyret godkjenner disponering av næringsfond-kraft for 2014 som det går fram i saksutgreiinga under punktet vurdering/konklusjon med desse endringane:  
Rådgjevarstilling kr. 100.000,- går ut og til disposisjon for ordførar vert redusert til kr. 50.000,-*

Seinare under handsaminga trekte Jan Heltné sitt framlegg.

### **Røysting:**

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

### *Vedtak i Kommunestyret - 30.01.2014*

- 1. Kommunestyret godkjenner disponering av næringsfond-kraft for 2014 som går fram i saksutgreiinga under punktet vurdering/konklusjon.*

2. *Kommunestyre godkjenner forslag til reviderte lokale retningslinjer for bruken av næringsfond fylke/stat, jfr. vedlegg 4 i denne saka, og som kjem i tillegg til retningslinjer vedteke av fylkeskommunen.*

### ***Handsaming i formannskapet:***

Jan Henning Egset reiste spørsmål om han var ugild. Janfør forvaltningslova § 6 1. ledd, bokstav e, nr. 2. Han tok ikkje del i handsaming og røysting over spørsmål om ugildskap.

Røysting over ugildskap:

Jan Henning Egset vart samrøystes kjent ugild.

Helge Hamre var ikkje tilstades under røystinga.

### **Røysting (sju røysteføre):**

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

### ***Tilråding i Formannskapet - 21.01.2014 til Kommunestyret:***

1. *Kommunestyret godkjenner disponering av næringsfond-kraft for 2014 som går fram i saksgreininga under punktet vurdering/konklusjon.*
2. *Kommunestyre godkjenner forslag til reviderte lokale retningslinjer for bruken av næringsfond fylke/stat, jfr. vedlegg 4 i denne saka, og som kjem i tillegg til retningslinjer vedteke av fylkeskommunen.*

Jan Henning Egset tok sete.

### **Administrasjonen si tilråding:**

1. *Kommunestyret godkjenner disponering av næringsfond-kraft for 2014 som går fram i saksgreininga under punktet vurdering/konklusjon.*
2. *Kommunestyre godkjenner forslag til reviderte lokale retningslinjer for bruken av næringsfond fylke/stat, jfr. vedlegg 4 i denne saka, og som kjem i tillegg til retningslinjer vedteke av fylkeskommunen.*

### Vedleggsliste:

1. Vedtekter Næringfond (kraft)
2. Retningslinjer kommunalt næringfond (stat/fylke)
3. Gjeldande lokale retningslinjer for bruken
4. Forslag til reviderte lokale retningslinjer
5. Uttlysing næringfond fylkeskommune (stat/fylke), publisert i Møre og på heimesidene til kommune, Volda Næringsforum og Sunnmøre Kulturnæringshage i sept. -13.

### Uprenta saksvedlegg:

Orienteringar om fonda:

- <http://www.volda.kommune.no/Modules/servicecategory.aspx?ObjectType=Category&Category.ID=860>
- <http://www.sknh.no/dette-far-du-hjelp-til/stonadsordningar-volda/>
- <http://voldaforum.no/stonadsordningar/>
- <https://regionalforvaltnng.no/Startside/VelkommenStotteordning.aspx?Forvalter=Volda+kommune>

### Samandrag av saka:

Det vert gjort framlegg om disponering av næringfond-kraft for 2014 og reviderte lokale retningslinjer for bruken av næringfond.

### Saksopplysningar:

Kommunestyret tok i møte 20.6.13, sak 79/13, årsrapport for næringfond-kraft 2012, til vitende. I saksutgreiinga skreiv eg m.a. følgjande om bruken av fondet: "Bruken av kraftfondet er regulert av vedtektene for fondet, jfr. vedlegg 3a. Eg viser til at kommunestyret i samband med årsrapport for fondet 2009, sak 77/10, 17.6.10, gjorde slikt vedtak om bruken av fondet: "Kommunestyret held på gjeldande vedtekter og retningslinjer for bruken av fondet....". Formannskapet har i møte 23.4.13 drøfta bruken av fondet i samband med handsaming av ymse løyvingssaker. Eg vil i ei eiga saka kome med forslag til endring av retningslinjene, jfr. også signal om dette i f-sak 74/13 i møtet 23.4.13."

I den nemnde f-sak 74/13, sam gjeld støtte til Dei Nynorske Festspela, skreiv eg m.a. slik: "Eg vil i ei seinare sak kome med framlegg om at det fjå næringfondet (kraft) vert sett av årleg beløp til festivalane, og at dette beløpet vert disponert administrativt, og knytt då til marknadsføringsiltak, jfr. dei ulike sakene i dette møtet. Dette vil lette sakshandsaminga, og gie føreseielege vilkår å halde seg til."

Stoda i dag er altså at kommunen har to næringfond:

1. Kommunalt næringfond (kraftfond)
2. Næringfond med midlar frå fylkeskommune (statsmidlar)

Frå desse fonda kan det søkjust om midlar til næringføremål generelt. For næringfond-kraft er det eigne vedtekter, jfr. vedlegg 1. For næringfond med midlar frå fylkeskommunen gjeld eigne retningslinjer for bruken, jfr. vedlegg 2. Felles for begge er at lokale prioriteringar kan

leggst til grunn, så lenge dei ligg innafør dei generelle retningslinene. Såleis vert det i Volda normalt ikkje gjeve støtte til: importverksemd, detaljhandel/butikketableringar, kafé- og restaurantverksemd, tradisjonell konsulentverksemd/bedriftsrådgiving, helse-/velveretilbod, web-design, nettbuikk; jf. dei lokale retningslinene vedlegg 3. Bakgrunnen for å avgrense bruken er å hinder konkurransevriding innafør dei nemnde bransjane.

Kommunen står noko friare bruken av midlane frå kraftfondet, då det i dei generelle retningslinene står at "*Fondet skal i hovudsak nyttast til næringsføremål. Fondet kan og nyttast til kommunale fellesiltak.*" I fleire år har det vorte gjeve støtte til marknadsføring av ulike festivalar, då fondstyret har sett på festivalane som del av marknadsføring/omdømebygging av Volda, noko som også kjem fleire til gode, ikkje minst andre næringsdrivande.

Årleg tilvekst på næringsfond-kraft er no på kr. 690.000,-, med tillegg av renter (stipulert til kr. 25.000,-). Med restsaldo utdisponert 2013 på kr. 100.000,-, vil det i 2014 vere til disposisjon kr. 815.000,-. Når det gjeld disponeringa er det nokre faste postar:

- Sidan 2006 har det vore sett av kr. 200.000,- til rådgjevarstilling næring, jfr. k-sak 67/05. I budsjettvedtak for 2014 har kommunestyret vedteke å redusere finansieringa av rådgjevarstillinga frå kraftfondet med kr. 100.000,-.
- Det har siste åra vore nytta midlar frå næringsfond-kraft til delfinansiering av satsinga Sunnmøre Kulturnæringshage (150.000,- i 4 år frå og med 2010). I sak om avtale med fylkeskommunen om vidare stasing på [www.hoppid.no](http://www.hoppid.no), vart det i f-sak 139/13 signalisert vidare løyving til Sunnmøre Kulturnæringshage AS på kr. 150.000,- pr. år i avtaleperioden 2014-16
- For 2014 har kommunestyret i budsjettvedtaket disponert kr. kr. 219.000,- til kommunal eignedel Studiebygd A-prosjektet.

Når det gjeld næringsfond fylkeskommune (statsmidlane) var det ei lang periode at kommunen ikkje fekk midlar til dette fondet. Men frå 2011 fekk kommunen på nytt midlar. Pr. desember 2013 var det til disposisjon kr. 313.582,-. I tillegg til desse midlane kjem kr. 70.000,- som det lokale hoppid.no-kontoret får frå fylkeskommunen til å yte støtte til avklaring av forretningsidear.

### Vurdering og konklusjon:

Som eg har skrive innleiingsvis vil eg rår til at det, i tillegg til dei disponeringar kommunestyret alt har gjort, vert sett av årleg beløp frå kraftfondet til festivalane, og at dette beløpet vert disponert administrativt, og knytt då til marknadsføringstiltak,. Dette vil lette sakshandsaminga, og gje føreseielege vilkår å halde seg til. Eg foreset at festivalane på vanleg måte må søkje på midlane med naudsynt dokumentasjon på [www.regionalforvaltning.no](http://www.regionalforvaltning.no). Eg rår til at det vert sett av løyving som i 2013 til kvar festival, med unntak av Dei Nynorske Festspela, der eg rår til kr. 75.000,-, som er den summen Ørsta har avsett.

Formannskapet har tidlegare drøfta at ordførar i påkomande tilfelle bør ha fullmakt til å kunne nytte nokre midlar til tiltak som skulle kome på, t.d. td. marknadsføring, arrangement i kommunal regi med fokus på utvikling og etablering, utgreiingstiltak mv. Eg rår til at det vert sett av kr. 100.000,- til dette.

Disponeringa av næringsfond-kraft for 2014 rår eg då til vert til vert slik:

Ramme 2014: kr. 815.000,-

|                                        |               |
|----------------------------------------|---------------|
| • Hoppid.no- Summøre Kulturnæringshage | kr. 150.000,- |
| • Rådgevarstilling                     | kr. 100.000,- |
| • StudiebygdA-prosjektet               | kr. 219.000,- |
| • Til disposisjon for ordførar         | kr. 100.000,- |
| • Dei Nynorske Festpela                | kr. 75.000,-  |
| • Veka                                 | kr. 20.000,-  |
| • X2                                   | kr. 20.000,-  |
| • Kammermusikkfestivalen               | kr. 20.000,-  |
| • DokFilm                              | kr. 20.000,-  |
| • Animasjonsfestivalen                 | kr. 20.000,-  |
| • Naturfestivalen                      | kr. 10.000,-  |

Rest til disposisjon: kr. 61.000,-

Når kommunen no igjen har fått midlar frå fylkeskommune til næringsfond til generelle næringsstiltak, vil søkjarar med gode forretningsidear framleis kunne søkje om støtte, jfr. *vedlegg 5*

Eg rår elles til at lokale reglar for prioritering når det gjeld bruken av næringsfond vert justert og vidareført i samsvar med *vedlegg 4*, i tillegg til dei generelle retningslinene jfr. *vedlegg 2*. Såleis at det normalt ikkje vert gjeve støtte til: importverksemd, detaljhandel/ butikketableringar, kafé- og restaurantverksemd, tradisjonell konsulentverksemd/ bedriftsrådgiving, helse-/velværetilbod, web-design og nettbuikk og liknande.

#### **Helse og miljøkonsekvensar:**

Er vurdert i k-sak 79/13.

#### **Økonomiske konsekvensar:**

Med ei disponering av næringsfond-kraft som omtalt ovanfor, vil tidlegare støtta tiltak av eit visst omfang normalt ikkje kunne komast i møte, t.d. kjøp av mjølkevoter, midlar til utgreiing kraftutbygging osv. Men kommunen vil, om ordninga med årleg fylkeskommunalt tilskot til næringsfond held fram, ha midlar til fordeling til søkjarar som fyller kriteria jfr. *vedlegg 2* og 4. Vidare har hoppid.no-kontoret midlar til avklaring av forretningsidéar.

#### **Beredskapsmessige konsekvensar:**

Ingen

Rune Sjurgard  
rådmann

**Utskrift av endeleg vedtak:**  
Administrasjonen

# VEDTEKTER FOR BRUK OG FORVALTNING AV NÆRINGSFOND I VOLDAL KOMMUNE (KRAFTFONDET)

Vedtektene av Volda kommunestyre i møte den 26.05.94, sak 89/94, redigert 17.6.09, sak 77/10.

Godkjent av Fylkesmannen i Møre og Romsdal den 5.11.96

## § 1. HEIMEL, KAPITAL OG AVKASTING:

a) Fondskapitalen er:

Næringsfond på kr. 100.000,- innbetalt av L/L Tussa Kraft i medhald av konsesjonsvilkåra for Åmæla kraftverk, jmfør kgl. resolusjon av 16.06.72.

Fondskapitalen kan berre nyttast til lån, herunder ansvarlege lån, og/eller avsettast til garantifond.

b) Avkastinga er:

Årlege konsesjonsavgifter som blir innbetalt av L/L Tussa Kraft i medhald av konsesjonsvilkåra for Åmæla kraftverk og Dale Kraftverk.

Andre konsesjonsinntekter som blir innbetalt til kommunen.

Renter og annan avkasting på fondskapitalen.

Avkastinga kan nyttast til næringsføremål og lån på vilkår.

## § 2. FØREMAÅL:

Fondet skal i hovudsak nyttast til næringsføremål. Fondet kan og nyttast til kommunale fellestilltak.

Av fondet kan det seijast av midlar til disposisjon for støtte til prosjekt med lågare kapitaltrøng enn det som er aktuelt for finansiering frå distriktspolitiske virkemidlar som vert forvalta av fylkeskommunen.

Prosjekt som kan føre til auke sysselsetting for kvinner og ungdom bør prioriterast.

Det kan ikkje gjevast støtte til sanering av gjeld eller til den løpande drift av verksemdar eller kommunen. Det bør heller ikkje gjevast støtte til verksemd som tek i mot store overføringar over statsbudsjettet.

## § 3. STØTTEFORMER:

Støtte kan gjevast som lån. Vidare kan det stillast garanti for kommunale tiltak i den grad dei er gyldige garantiføremål etter § 51 i kommunelova; jmfør departementet sine forskrifter om kommunale garantiar.

Frå avkastinga kan det og gjevast tilskot og lån på vilkår. Midlane bør ikkje nyttast til aksjeteikning i private verksemdar. Dersom det vert teikna kommunale aksjar, kan ikkje dette utgjere meir enn 30 % av aksjekapitalen i verksemda. Denne avgrensinga gjeld ikkje utviklingselskap, utleiagebygg o.l. som kommunen etablerer i samarbeid med private interessantar.

#### § 4. STØTTEVILKÅR:

Samla støtte frå fondet til private næringsstiltak skal som hovudregel ikkje overstige 50 % av den totale kapitaltrongen for eit prosjekt. Ved prosjekt som er særleg viktige for kvinner og ungdom og ved nyetableringar, kan det gjevast inntil 75 % støtte. Støtta (tilskot og eventuelt subsidieelement i lån med nedsett rente) skal vere avgrensa slik:

Maksimal støtte må ligge innanfor ei maksimumsgrense på kr. 400.000,- (50.000,- Euro) til eit og same føremål i ei og same bedrift i ei treårsperiode. Bedrifter som tek i mot støtte pliktar å opplyse om at ein har mottoke støtte frå offentlege midlar innan utløpet av treårsperioden (det vert vist til EØS-avtalen sitt regelverk for offentleg støtte, reglane for bagatellmessig støtte, de minimis).

#### § 5. FORHOLDET TIL INTERNASJONALE PLIKTER PÅ STØTTEOMRÅDET:

Bruken av fondet må vere i samsvar med dei internasjonale regelverka Noreg har slutta seg til på statsstøtteområdet.

#### § 6. FORVALTNING:

Formannskapet er fondsstyre. Det er høve til å delegere avgjerdsmynde frå fondstyret til administrasjonen innanfor nærare gjevne fullmaktgrensar.

Fondsmidlane skal plasserast på renteberande konto slik at midlane er disponible til ei kvar tid. Renter og avdrag skal først attende til fondet.

#### § 7. KLAGE:

##### a) Legalitetsklage:

Etter § 59 i kommunelova kan tre eller fleire medlemmer av kommunestyret saman bringe ei avgjerd i eit folkevald organ inn for departementet for å kontrollere at avgjerda er lovleg. Departementet sitt mynde til å avgjere slik klager er delegert til Fylkesmannen, jmfør departementet sitt rundskriv H 25/92 av 1.6.93. Fristen for å kreve legalitetskontroll er ved forskrift av 13.1.93, jfr. rundskriv H-4/93, sett til 3 veker frå det tidspunktet vedtaket vart gjort.

##### b) Forvaltningsklage (partsklage):

Vedtak om avslag på søknad om støtte må sjåast som enkeltvedtak etter § 2 i Forvaltningslova. Etter Forvaltningslova sin § 28 2. lekken kan enkeltvedtak gjort av forvaltningsorgan i medhald av kommunelova klagast til kommunestyret eller til særskilt klagenemnd. Når vedtaket det er klaga på er gjort av kommunestyret, er

departementet klageinstans. Departementet sitt mynde til å avgjøre forvaltningsklager er delegert til Fylkesmannen, jmfør rundskriv H-25/92 av 1. juni 1993.

- c) Høve til å klage har den som er part i saka eller annan med rettsleg klageinteresse. Klage over Fylkesmannen si avgjerd om godkjenning av vedtekter for næringsfond:

Etter Industrikonsepsjonslova sin § 2, 3. lekken nr. 13, 6. lekken og Vassdragsreguleringslova sin § 11 nr. 2, 2. lekken, kan kommunen klage på Fylkesmannen si avgjerd etter nærare reglar fastsett av departementet.

I punkt 1.3 er det bestemt at kommunen kan klage på Fylkesmannen si avgjerd til Kommunal- og regiondepartementet. Med "kommunen" meiner ein kommunestyret.

#### § 8. ÅRSMELDING:

Det skal leggst fram ei melding til kommunestyret om bruken av fondet kvart år. Gjenpart av denne meldinga skal sendast Fylkesmannen og fylkeskommunen.

#### § 9. GODKJENNING AV VEDTEKTER:

Vedtektene kan endrast etter vedtak i kommunestyret. Vedtaket treng godkjenning av Fylkesmannen. Kopi av godkjende vedtekter skal sendast fylkeskommunen.

**Kommunale næringsfond – retningslinjer  
vedtekne av Regional- og næringsutvalet 05.03.2013**

**DEL 1 – Prinsipp og rammer for kommunale næringsfond**

**1. Kva er kommunale næringsfond?**

Fylkeskommunen gjev årlege løyvingar til kommunale næringsfond frå dei statlege midlane til regional utvikling, kap. 551 post 60 i Statsbudsjettet. Beløpet vert fastsett i Handlingsprogram Verdiskaping.

**2. Formål og prioriteringar**

Kommunale næringsfond skal brukast til å styrke nyskaping, innovasjon og næringsutvikling i Møre og Romsdal. Unge, kvinner og innvandrarar skal prioriterast ved tildeling frå kommunale næringsfond.

Støtte frå kommunalt næringsfond skal ha ein utløysande effekt. Det betyr at midlane skal bidra til at tiltak som elles ikkje ville ha blitt gjennomført, blir realisert. Det er ikkje tilstrekteleg at støtte frå næringsfondet bidrar til å oppretthalde et tilbod.

**3. Tildeling til kommunane**

Fordeling av ramme til kommunane tek utgangspunkt i eit sett indeksar med grunnlag i statistiske data om demografi, arbeidsmarknad og sentralitet. I tillegg vert ein del av totalbeløpet sett av til skjønnsmessige justeringar. Endringar i indeksettet skal godkjennast av regional og næringsutvalet.

Skjønnsmessige justeringar av tildelt beløp kan gjerast med utgangspunkt i følgjande:

- Lokale strategiar. Reduksjon av tildeling kan vurderast dersom kommunen ikkje kan vise til politisk forankra strategiar for arbeidet med næringsutvikling. Strategiane kan synleggjerast gjennom kommunepplan, sektorplan eller anna politisk vedtak.
- Rapporteringskrav. Reduksjon av tildeling kan vurderast dersom rapport manglar eller er ufullstendig, jfr. pkt. 14, eller dersom det er gjeve støtte til prosjekt som er i strid med retningslinjer for bruk.
- Fondsakkumulering. Reduksjon av tildeling kan vurderast dersom ein kommune over tid, og utan forankring i langsiktige planer, akkumulerer midlar på det kommunale næringsfondet.
- Særskilde satsingar. Auka tildeling kan vurderast dersom dette kan bidra til måloppnåing innan særlege satsingar i fylkesplan/handlingsprogram verdiskaping.
- Andre vurderingar, som t.d. strukturelle problem i industrien og ekstra honorerer av regionale næringsfond.

Før det vert gjort skjønnsmessige vurderingar skal kommunale kraftfond motrekna krone for krone, etter fråtrekk av et fribeløp på kr.100.000.

Møre og Romsdal fylkeskommune skal innan 31. mars kvart år sende tildelingsbrev til kommunane. Tildelingsbrevet skal gi opplysningar om retningslinjer og vilkår, mål og satsingar i Fylkesplan og om krav og fristar til rapportering.

Kommunar som mottar kommunale næringsfond er:

- Sone I: Giske, Sula, Skodje, Ørskog, Ålesund, Molde
- Sone II: Fræna, Sykkylven, Hareid, Ulstein
- Sone III: Tingvoll, Gjemnes, Averøy, Eide, Sandøy, Midsund, Vestnes, Haram, Stordal, Stranda, Volda, Herøy, Sande, Vanylven, Kristiansund
- Sone IV: Aure, Smøla, Halså,

#### 4. Utbetaling til kommunane

Møre og Romsdal fylkeskommune betaler ut løyving til dei kommunale næringsfonda når KRD har mottatt og godkjent rapport frå føregåande år via forvaltningssystemet RF13.50.

Kommunane skal plassere fondet på rentebærande konto. Renteinntekter skal ikkje brukast til andre formål enn kommunale næringsfond.

## DEL 2: Forvaltning av kommunale næringsfond i kommunane

### 1. Styrande dokument

Lokale strategiar skal ligge til grunn for bruken av det kommunale næringsfondet. Kommunane kan utarbeide lokale retningslinjer for kommunalt næringsfond. Dersom kommunen delegerer forvaltningsansvaret til ein annan forvaltar må kommunen utarbeide oppdragsbrev eller avtale som inneheld vilkår for forvaltning og bruken av midla. Det omfattar blant anna informasjon om ordninga, behandle søknader, gjere vedtak om tildelingar, skrive tildelingsbrev, rapportere om bruken av midlar og føre kontroll.

### 2. Kunngjering

Høve til å søkje støtte frå kommunalt næringsfond skal kunngjerast. Kunngjeringa må opplyse om målgruppe, formålet med ordninga, tildelingskriterium, kva opplysningar som trengst i søknaden og eventuell søknadsfrist.

### 3. Søknad

Kommunale næringsfond kan tildelast på grunnlag av søknad. Kommunane kan utarbeide egne søknadsskjema eller bruke elektronisk søknad via [www.regionalforvaltning.no](http://www.regionalforvaltning.no)

Søknaden skal innehalde bakgrunn for prosjektet, presise og realistiske mål, oversikt over aktivitetar med framdriftsplan, budsjett med kostnadsoverslag samt finansieringsplan og oversikt over mottatt offentlig støtte dei siste tre årane.

### 4. Satsar for eigeninnsats

Ved utrekning av kapitalbehov inngår normalt reine pengeutlegg. Unntaksvis kan eigen arbeidsinnsats reknast inn i kapitalbehovet. Eigeninnsats for privatpersonar kan prissetast inntil kr.200,- pr. time. Det skal først timeliste for dokumentasjon. Dersom tilskotsmottakaren er eit

regnskapspliktig selskap som bruker egne tilsette i form av eige arbeid, må selskapet kostnadsføre eigeninnsatsen i regnskapet for at det skal kunne vere del av godkjent kostnadsgrunnlag. I slike tilfelle skal eigeninnsatsen prissettast til 1 promille av årsløn, maks kr.500,- pr. time.

Kommunane kan sjølv bestemme om dei godkjenner eigeninnsats som kostnadsgrunnlag.

#### 5. Tiltak som kan støttast frå næringsfondet

Kommunale næringsfond kan brukast både til bedriftsretta tiltak, og til tilretteleggande tiltak i regi av kommunane eller andre organisasjonar. Det kan berre gjevast støtte til tidsavgrensa utviklingsprosjekt.

- Tilretteleggande tiltak: Det kan gjevast støtte til utviklingsprosjekt som legg til rette for auka vekst, verdiskaping og sysselsetting i regi av kommune eller organisasjonar. Det kan vere tiltak som omdømmbygging, marknadsføring, profilering, kompetanseheving, kurs, seminar, konferansar, konsulenthjelp, kommunalt nærings- og tiltaksarbeid, etablering av lokale nettverk og samarbeidstiltak m.m.

- Bedriftsretta tiltak: Det kan gjevast støtte til bedrifter og nyetablerarar. Tiltak kan vere investering i utstyr og maskiner, støtte til profilering/merkevarbygging, produktutvikling, kompetansehevingstiltak, kurs/seminar, marknadsundersøking, bedriftsutvikling, rådgjeving, nettverksbygging, e.l.

Støtte til investeringar i maskiner og utstyr kan berre gjevast i kommunane i some III og IV.

Støtte til bedriftsretta kompetansehevingstiltak, for eksempel, kurs, seminar, nettverksbygging, konferanse, bedriftsutvikling, produktutvikling, konsulenthjelp, e.l. kan gjevast i alle kommunar.

#### 6. Avgrensingar i bruk av kommunale næringsfond

Kommunale næringsfond kan ikkje brukast til følgjande tiltak:

- Renter, avdrag og refinansiering av lån, kausjon og garantier
- Kjøp av aksjar eller investering i eigenkapital uavhengig av organisasjonsformer
- Ordinær drift av verksemdar. All støtte som ikkje er knytt til konkrete utviklingsprosjekt vert sett på som driftsstøtte. I bedrifter vil dette til dømes gjelde vedlikehald og utskifting av gammalt utstyr med nytt utstyr av same type.
- Investeringar i, og ordinær drift og vedlikehald av offentlige oppgåver. Det gjeld også kommunen sine ordinære oppgåver i nærings- og samfunnsutviklingsarbeid. Private verksemdar som utfører kommunale oppgåver på vegne av det offentlige skal ikkje tildelast kommunale næringsfond.
- Fysisk infrastrukturtiltak i kommunane, som sentrumsutbygging, utbygging av industri/næringsareal, vegar, havner, vassverk m.m.

#### 7. Andre vilkår

Et prosjekt skal ikkje gjevast støtte over lengre tid enn 3 år.

Bedriftsretta prosjekt med ei kostnadsramme over maksbeløp gitt i tildelingsbrev kan ikkje støttast frå næringsfondet, men bør i staden sendast Innovasjon Norge for vurdering.

Prosjekt med søknadsbeløp over halvparten av siste års tildeling til fondet skal drøftast med Møre og Romsdal fylkeskommune.

Bedriftsretta støtte skal ikkje vere av eit slikt omfang at det kan oppfattast som urettmessig konkurransevidrande lokalt.

Både tilretteleggende og bedriftsretta tiltak kan støttast med inntil 50% av totale kostnader. Kommunane kan vurdere ein høgare finansieringsandel (inntil 75 %) til nyetablerarar.

Kommunane, eller den kommunen har gitt forvaltningsansvaret, kan bruke inntil 5 % av årets løyving til å dekke kostnader ved forvaltning av kommunale næringsfond.

Det kan ikkje gjevast tilsegn utover det som til ei kvar tid står på fondet. Det er ikkje lov å gi tilsagn basert på neste års bevilgning fra fylkeskommune. Kommunane kan skyte egne midlar inn fondet.

#### 8. EØS avtalen og reglene om offentlig støtte

EØS-avtalen sin artikkel 61 forbyr som hovudregel offentlig støtte til næringslivet. Det er gitt ei rekke unntak frå dette, for eksempel bagatellmessig støtte. Kommunale næringsfond er bagatellmessig støtte. Det kan gjevast inntil 200.000 euro bagatellmessig støtte over ein rullerande treårs periode. Det er bedrifta sitt ansvar å oppgi tidlegare mottatt bagatellstøtte i søknaden.

Det kan ikkje gjevast støtte som er i strid med internasjonale avtalar der Norge er part. Det kan derfor ikkje gjevast støtte til primær ståproduksjon, til transport eller til direkte eksportkostnader, inkludert etablering og drift av distribusjonsnettverk.

Dersom EFTA's overvakingsorgan ESA finn at støtte er gitt i strid med regelverket om offentlig støtte i EØS avtalen, kan ESA krevje at støtta blir tilbakebetalt.

#### 9. Tildelingar

Tilskot skal tildelast på grunnlag av søknad. Avgjerse om tildeling av tilskot skal vere skriftlig dokumentert. Det gjeld også elektroniske søknader. Tildelingsbrev skal sendast kvar enkelt tilskotsmottakar. Tildelingsbrev skal innehalde:

- Formål, dvs. kva tiltak tilskotet skal brukast til
- Tilskotsbeløp
- Utbetalingsvilkår
- Vilkår for bruken av tilskotet og eventuell frist for mottakar til å akseptere vilkåra
- Krav til rapportering
- Informasjon om kontrolltiltak som kan bli iverksett
- Moglege reaksjonsformer dersom mottakar ikkje opptrer i samsvar med forutsetningane for tilskotet
- Klagerett, jfr. kommuneloven §29 og forvaltningsloven §28.

For tilskot over kr. 100 000,- skal tilskotsmottakar skriftleg akseptere at tilskotet er mottatt med dei vilkåra som gjeld. Kommunane kan sjølv avgjere om det skal krevjast skriftleg akseptbrev for tilsegn under kr.100.000,-.

## **10. Utbetaling**

Tilskotsmottakar skal føre separat regnskap for bruken av tilskotet. Sluttutbetaling skal i utgangspunkt skje etterskotsvis mot rapport og regnskap. Kommunane kan vurdere vilkår for delutbetalingar men det skal ikkje betalast ut meir enn 75% av tilskotet før prosjektet er avslutta og sluttapport godkjent.

For tilskot over kr.100.000 vert det krevd revisorattestert regnskap og prosjektrapport.

Tilskotsmottakar som ikkje er revisjonspliktig kan få regnskapet stadfesta av autorisert regnskapsførar. Kommunane kan vurdere om det krevst attest frå revisor/autorisert regnskapsførar for tilsegn under kr.100.000.

### **11. Oppfølging og kontroll**

For å sikre korrekt saksbehandling ved tildeling og utbetaling av tilskot, skal dei som forvaltar tilskot ha etablert system, rutinar og tiltak som skal førebygge, avdekke og korrigere feil og manglar, jfr §14 intern kontroll i Reglement for økonomistyring i staten og kapittel 6 forvaltning av tilskotsordningar i bestemmelser om økonomistyring i staten.

### **12. Rapportering til fylkeskommune og KRD**

Forvaltar av næringsfond skal kvart år rapportere om bruken av næringsfond via KRD sine forvaltningssystem(RF13.50). Rapporteringsfristen står i det årlege tildelingsbrevet frå Møre og Romsdal fylkeskommune. Møre og Romsdal fylkeskommune betaler ut ny løyving til kommunalt næringsfond i den enkelte kommune når KRD har mottatt og godkjent rapport via forvaltningssystem(RF13.50) frå føregåande år.

## NÆRINGSFONDA FOR VOLDA.

Kommunen har næringsfond til disposisjon i høve direkte støtte til private nærings tiltak.

Då desse midlane er avgrensa, vert følgjande lagt til grunn for prioriteringa av bruken:

Det vert normalt ikkje gjeve støtte til: importverksemd, detaljhandel/butikketableringar, kafé- og restaurantverksemd, tradisjonell konsulentverksemd/bedriftsrådgiving, helse- /velværetilbod, web-design, nettbuikk.

I dei tilfelle der det er nødvendig med noko form for autorisasjon e.l., blir det ikkje gjeve støtte før slik ligg føre.

Ved etablering av handverksbedrifter skal søkjer ha nødvendig fagbrev.

Det vil i hovudsak ikkje bli gjeve støtte til:

- rullande materiell (bil og tilhenga
- kontorutstyr og -maskiner
- handverktøy
- bygningar (her unntatt produksjonsanlegg)

Det blir ikkje løyvd midlar til tidlegare støtta tiltak før det har gått minst 5 år frå første gong det vart gjeve støtte til tiltaket. Dette hindrar ikkje at eventuelle nye eigarar kan søkje støtte til supplerande investeringar eller bedriftsutviklingstiltak.

Vidare i tilfelle sal/nedlegging:

- Dersom verksemda blir selt eller nedlagt i løpet av 2 år frå tilsegn om støtte vert gjeve, skal næringsutvalet kunne krevje attendebetalt høvesvis del av innvilga tilskot etter nærare vurdering.

Ved nyetableringar vil det etter nærare vurdering også kunne bli sett følgjande vilkår:

- Det er eit vilkår at søkjar vil ta del i etableraropplæring, t.d. Etablerarskulen. Fondsstyret vil dekkje 50 % av kostnadane til denne på vanleg måte.

Utover dette vil søknader bli handsama individuelt og vurdert i kvart einskild tilfelle.

Midlar frå Næringsfondet vert rekna som skattbar inntekt for søkjar.

**NB!** Alle brev og søknader til kommunen (saksdokument) er etter Offentleglova opne for innsyn. Kommunen vil vurdere evt. unntak frå dette i samsvar med reglane i kap. 3 i nemnde lov i kvart einskild tilfelle (sjå Lov om rett til innsyn i dokument i offentleg verksemd av 19.5.06).

Fondstyret vil elles sjå positivt på søknader om midlar til fellestilltak initiert av næringslaga i kommunen.

## NÆRINGSFOND FOR VOLDA.

Kommunen har næringsfond til disposisjon i høve direkte støtte til private nærings tiltak.

Søknad om midlar skal skje via  
<https://regionalforvaltning.no/Startside/VelkommenStotteordning.aspx?Forvalter=Volda+komune>

I tillegg til dei generelle retningsline fastsett av fylkeskommunen, vert følgjande lagt til grunn for prioriteringa av bruken:

Det vert normalt ikkje gjeve støtte til: importverksemd, detaljhandel/butikketableringar, kafé- og restaurantverksemd, tradisjonell konsulentverksemd/bedriftsrådgiving, helse-/velværetilbod, webdesign, nettbutikk.

I dei tilfelle der det er nødvendig med noko form for autorisasjon e.l., blir det ikkje gjeve støtte før slik ligg føre. Ved etablering av handverksbedrifter skal søker ha nødvendig fagbrev.

Det vil i hovudsak ikkje bli gjeve støtte til:

- rullande materiell (bil og tilhengar)
- kontorutstyr og -maskiner
- handverktøy
- bygningar (her unntatt produksjonsanlegg)

Det blir ikkje løyvd midlar til tidlegare støtta tiltak før det har gått minst 5 år frå første gong det vart gjeve støtte til tiltaket. Dette hindrar ikkje at eventuelle nye eigarar kan søkje støtte til supplerande investeringar eller bedriftsutviklings tiltak.

Vidare i tilfelle sal/nedlegging:

- Dersom verksemda blir selt eller nedlagt i løpet av 2 år frå tilsegn om støtte vert gjeve, skal fondsstyret kunne krevje attendebetalt høvesvis del av innvilga tilskot etter nærare vurdering.

Utover dette vil søknader bli handsama individuelt og vurdert i kvart einskild tilfelle.

Midlar frå Næringsfond vert rekna som skattpar inntekt for søker.

**NB!** Alle brev og søknader til kommunen (saksdokument) er etter Offentleglova opne for innsyn. Kommunen vil vurde evt. unntak frå dette i samsvar med reglane i kap. 3 i nemnde lov i kvart einskild tilfelle (sjå Lov om rett til innsyn i dokument i offentleg verksemd av 19.5.06).

08.07.2013

Internkontroll

Skjenking av alkohol

So es Bors, Volda

So es bors fungerer på dagtid som kafe og restaurant, samstundes som vi serverer alkohol, både til spisegjestar og i pub-delen. Utfordringa vår er dermed på dagtid å halde oppe ein standard slik at barnefamiliar kan ete og likevel føle at dei ikkje er komne inn på ein høgrøsta pub. Vi skal likevel ha høve til at dei som vil ha ei hyggjeleg stund med biljard og godt alkoholhaldig drikke ikkje føler seg utestengde. Trivsel, kommunikasjon og forståing vert derfor særst viktig, og set spesielle krav til bar- og serveringspersonale. Gjestene i Volda er svært greie, og vi har ikkje hatt problem med dette, men det er viktig å vere klar over denne verdien, slik at vi held på den.

Vi har ikkje hatt problem med at folk har prøvd å snike seg til drikke på dagtid, og stort sett er det foreldre som er der med barna. Sidan lokalet er stort og oppdelt i soner, er det ikkje vanskeleg å halde kontroll i det daglege, men vi må vere klare på dagar med ekstra pågang som festivalar, 17 mai ol, og då konekvent spørje alle som ser yngre ut enn 25 år om å vise legitimasjon. I slike tilfelle skal vi og vurdere å setje høg aldersgrense tidlegare på dag, og ikkje klokka 22 som ved normal ala carte servering.

Instruks til skjenking på dagtid

Be om legitimasjon til alle som ser yngre ut enn 25 år for servering av alkohol

Alltid ha erfarne tilsette til stades

Ved tvil eller manglande legitimasjon skal vi nekte skjenking

Ta deg tid til å gjere nødvendige vurderingar, også i hektiske periodar

Ha jamne vakt- og rydderunder for å sjekke lokalet.

Ansatte skal alltid spørje kven som skal drikke alkohol ved aldersblanda bord. Gje kun øl eller vin til dei som er gamle nok

Del informasjon med dei andre på jobb, slik at dei og kan følge med

Aldersgrense for inngang i risikoperiodar, alltid etter kl 22 og auke aldersgrensa til 20 år i helgar etter kl 22

Undersøk legitimasjon i godt lys. Bilde. Fødselsdato. Godta berre visa, førarkort og anna godkjent leg. Ved tvil, be om å få sjå fleire legitimasjonskort. Still kontrollspørsmål

Anmelde bruk av falsk legitimasjon. Informere om dette med skilt

Opplæring i vurdering av legitimasjon.

Opplæring av dei tilsette, Anne eller Jozsef eller begge går nøye gjennom reglar med tilsette.

Når er ein person berusa

Kven ein kan servere

Korleis takle berusa personar

## Alkohollova

### Reglar for skjenking

Om alltid å rapportere til andre ansatte, og ikkje ta eigne avgjerder under tvil. Rådføre seg heller ein gang for mykje enn ein for lite

Vi har ikkje i dag bongar for alkohol, eller drikkepakkar, vinsmaking ol. Dersom vi skal ha vinsmaking vert dette i enkelttilfelle, og Jozsef eller Anne tilstades. Vi serverer då fem einingar, kvar på 4 cl, altså tilsaman 2 dl vin....., og vurdering vert då som ved servering av to glas vin til ein gjest til ein gjest

Er du i tvil, tilby gratis alkoholfritt alternativ (kaffi eller eit glas juice....)

Server alltid vatn med vin, og ha tilgang til gratis vatn på bardisken....

Opplæring i å vurdere gjestene si grad av påvirkning...gjennom stadia i Vinn, og gjennom å arbeide i lag med Jozsef, Anne og anna erfare personale

Er du i tvil om at gjesten er påverka, start ein samtale slik at du kan vurdere og få eit betre gtunnlag for avgjerd om skjenking er ok

Opplæring i konflikthandtering til alle tilsette som har kontakt med gjester

Vær myndig, men ikkje uhøfleg

Bruk ikkje makt, men det er lov å bruke kroppsspråk der det er nødvendig. Ver sjølvssikker men ikkje arrogant, smil, og forklar sakleg utan å gå i dialog. Svar ikkje på spørsmål laga for å lage diskusjon. Hald på ditt, sei gjerne budskapet opp att som svar på spørsmål. Eksempel, beklagar, men vi har ei svært streng grense. Velkomen attende når som helst ellers...

Bekalagar, slik er det

BEklagar, men du er hjarteleg elkomen attende, vi opnar klokka to i morgon, kom då du

Det går fint, du kjem tilbake i morgon du...

Er sånn, veit du. Vi må vere strenge veit du..så blir det så triveleg her at, og du er velkomen attende i morgon...

Når gjesten nektar å gjere som du seier, kan du geleide vedkomande ut, unngå alltid tvang, men ver bestemt.

Hent hjelp av andre ansatte umiddelbart ved fare for konflikt

Søk hjelp frå venner av den det er problem med

Ha alltid nok folk på plass ved auka press.

Eksempel laurdag etter kl 22:

To i døra, den eine går gjennom lokalet når stillare i døra, pluss to i baren, der ein tek runder i lokalet så snart det er litt stilt i baren.

Sleppe inn folk i puljer slik at ein har kontroll.

Problem ved førehandstingingar til lag, julebord ol.

Gje beskjed ved bestilling om staden sin policy. Vi skal og lage heimeside oppdatert der dette blir gjort oppmerksomt på. Ved bongar som blir forhåndsbestilt, eller ved synleg rusa kan vi halde oppe rettern til å vise ut personar.....


I hektiske perioder i helgane, og med DJ, er det særst vanskeleg...folk kjem for å drikke alkohol. Selg kun ein shoit i gangen, og vurder nøye ved salg av all brennevin, foreslå svakare alternativ med ein gong om nokon verkar berre det minste berusa. Ver spesielt merksam på shots, ha vatn tilgjengeleg,.

Per i dag bruker vi ikkje bongar, men skulle dette bli aktuelt, td ved ølfestival og julebord, hugse å forbeholde oss retten til å skjenke sjølv om ein har bong...

På kveldar der plassen er disko/utestad, hald jamn oversikt over toaletta. Dette er greitt sidan dørvakt sit der.

Pass og på å kjenne att teikn på at person er ruda på narkotiske stoff.

Sjekk vekser og bagar for medbrakt alkohol



## SLØYFEOVERSIKT

| SLØYFE NR. | TEKSTFORKLARING                     | FARGEKODE |
|------------|-------------------------------------|-----------|
| 1          | Ikkje i bruk                        |           |
| 2          | Mørkeloft 4. etg.                   |           |
| 3          | Restaurant - VIVA - Kjøkken 2. etg. |           |
| 4          | Ikkje i bruk                        |           |
| 5          | Sissel Blomster + Mix 1. etg.       |           |
| 6          | Kjeller U. etg.                     |           |
| 7          | Ikkje i bruk                        |           |
| 8          | Ikkje i bruk                        |           |

-  UTGANGSMARKERINGSLYS  
RØMING TIL TERRENG
-  BRANNCELLEAVGRENSANDE VEGG EI60
-  BRANNCELLEAVGRENSANDE VEGG EI30
-  RØMINGSVEG, LYSMARKERINGSSKILT
-  RØMNINGSRETNING, LYSMARKERINGSSKILT
-  BRANNSLANGE
-  HANDSLØKKEAPPARAT
-  ELEKTRISK HOVUDBRYTAR
-  MANUELL BRANNMELDAR
-  BRANNALARMSENTRAL
-  RINGEKLOKKE
-  RØYKDETEKTOR
-  NØD / LEDELYS
-  TRAPP

|                  |                                                                                                                  |                                                                                                              |
|------------------|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| RIB              | Per Mulkvik AS<br>Pb.86<br>Hoftekgata 16<br>6101 Volda<br>941 987 516                                            | Sjette: 70 07 49 90<br>Direkte: 70 07 49 94<br>Mob: 95 18 48 75<br>Fax: 70 07 49 91<br>E-post: jon@mulvik.no |
| Prosjektnamn:    | Strandgt.6 AS , Volda                                                                                            |                                                                                                              |
| Oppdragsgjavor:  |                                                                                                                  |                                                                                                              |
| Prosjektperiode: | <div><br/>www.mulvik.no</div> |                                                                                                              |
| Tittel:          | Brannplan 2.etg                                                                                                  | Tekning av: LH                                                                                               |
|                  |                                                                                                                  | Dato: 20.06.11                                                                                               |
|                  |                                                                                                                  | Kontor: av:                                                                                                  |
|                  |                                                                                                                  | Dato:                                                                                                        |
|                  |                                                                                                                  | Estimator tekn.:                                                                                             |
| Fase:            | Brannteikning                                                                                                    |                                                                                                              |
| Prosjekt nr.:    | 1074                                                                                                             | Rev                                                                                                          |



## Firmaattest

Organisasjonsnr: 915 017 282  
Navn/foretaksnavn: SO ES BORS AS  
Forretningsadresse: Hamnegata 6  
6100 VOLDA

Brønnøysundregistrene  
11.10.2016



Organisasjonsnummer: 915 017 282

Organisasjonsform: Aksjeselskap

Stiftingsdato: 11.02.2015

Registrert i  
Føretaksregisteret: 09.03.2015

Føretaksnavn: SO ES BORS AS

Forretningsadresse: Hamnegata 6  
6100 VOLDA

Kommune: 1519 VOLDA

Land: Noreg

Aksjekapital NOK: 30 000,00

Dagleg leiar/  
adm.direktør: Jozsef Kabai

Styre:  
Styreleiar: Anne Olaug Bjørkedal  
Bjørkedalseidet 8  
6120 FOLKESTAD

Styremedlem: Jozsef Kabai

Signatur: Daglig leder og styrets leder i  
fellesskap.

Revisjon av  
årsrekneskap: Føretakets årsrekneskap skal ikkje  
reviderast.

Vedtektsfesta formål: Drive restaurantverksemd og anna  
som naturleg fell saman med dette.